

**Legemiddelbruk, haldningar og erfaringar i møte  
med svangerskapsomsorga blant kvinner med  
svangerskapskvalme**

- Ein internettbasert tverrsnittstudie

Masteroppgåve i farmasi

Anja Solheimsnes



Senter for farmasi ved  
Institutt for Global helse og samfunnsmedisin  
Universitetet i Bergen  
Mai 2015

## **Forord**

Denne masteroppgåva blei utført ved Senter for Farmasi på Institutt for global helse og samfunnsfarmasi, Universitetet i Bergen, frå hausten 2014 til våren 2015.

Dette har vore eit veldig lærerikt og spennande år, kor eg har fått moglegheit til å fordjupe meg i eit interessant og viktig tema. Ei stor takk til mine to veiledarar Kristine Heitmann og Lone Holst for god rettleiing, lærerike samtalar, gode og konstruktive tilbakemeldingar og inspirasjon gjennom heile perioden. Eg vil også takke mine samarbeidspartnarar i Oslo; Mai-Linh Huynh Do, Gro Cecilie Havnen og Hedvig Nordeng.

I tillegg vil eg takke alle kvinnene som har deltatt i dette forskingsprosjektet for å ha gjeve meg innsyn i korleis dei har hatt det og for å ha delt av sine erfaringar. Eg vil også takke kvinnene som var med i pilotstudien for gode tilbakemeldingar.

Til slutt vil eg takke familie, sambuar og vennar for oppmuntring og støtte. Ekstra stor takk til Håvard for fantastisk god støtte og ikkje minst oppmuntring, spesielt i den siste hektiske perioden.

Anja Solheimsnes  
Bergen, 20.mai 2015

## Innholdsliste

<b>1</b>	<b>SAMANDRAG</b>	<b>5</b>
<b>2</b>	<b>BAKGRUNN</b>	<b>7</b>
2.1	<i>Svangerskapskvalme (Emesis Gravidarum)</i>	7
2.2	<i>Alvorleg svangerskapskvalme (Hyperemesis Gravidarum)</i>	8
2.3	<i>Årsaker til svangerskapskvalme</i>	8
2.4	<i>Svangerskapskvalme og konsekvensar</i>	11
2.5	<i>Behandling av svangerskapskvalme</i>	14
2.6	<i>Legemidlar og teratogene effektar</i>	20
2.7	<i>Risikooppfatning og holdningar til bruk av legemidlar under graviditet blant gravide og helsepersonell</i>	23
2.8	<i>Svangerskapsomsorga i Norge</i>	24
<b>3</b>	<b>HENSIKT OG PROBLEMSTILLING</b>	<b>25</b>
<b>4</b>	<b>MATERIALE OG METODE</b>	<b>26</b>
4.1	<i>Val av metode</i>	26
4.2	<i>Gjennomføring av spørjeundersøkinga</i>	26
4.3	<i>Analyseverktøy</i>	29
4.4	<i>Analyser av resultat</i>	31
4.5	<i>Etikk og personvern</i>	32
<b>5</b>	<b>RESULTAT</b>	<b>33</b>
5.1	<i>Gjennomføringsrate</i>	33
5.2	<i>Studiepopulasjon</i>	34
5.3	<i>Kvalmeforløp og alvorlegheitsgrad</i>	35
5.4	<i>Svangerskapskvalme og konsekvensar</i>	36
5.5	<i>Legemiddelbruk</i>	41
5.6	<i>Faktorar assosiert med behandling og sjukehusinnlegging</i>	43
5.7	<i>Imøtekommenhet blant helsepersonell</i>	45
5.8	<i>Sjukemelding</i>	49
5.9	<i>Haldningar</i>	49
5.10	<i>Risikovurdering</i>	51
<b>6</b>	<b>DISKUSJON</b>	<b>54</b>
6.1	<i>Diskusjon av metode</i>	54
6.2	<i>Diskusjon av resultat</i>	56
6.3	<i>Forslag til framtidig forskning og tiltak</i>	69
<b>7</b>	<b>KONKLUSJON</b>	<b>71</b>
<b>8</b>	<b>REFERANSAR</b>	<b>73</b>
<b>9</b>	<b>VEDLEGG</b>	<b>86</b>
9.1	<i>Vedlegg 1; Spørjeskjemaet (og logo)</i>	86
9.2	<i>Vedlegg 2; Innlegg på facebook-side: EMESIS-studien</i>	116
9.3	<i>Vedlegg 3; REK-godkjenning</i>	122
9.4	<i>Vedlegg 4; Meldeskjema til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS</i>	124

## **Liste over forkortingar**

HG – Hyperemesis gravidarum

hCG – Humant choriogonadotropin

BMI – Body mass index

H.pylori – Helicobacter pylori

NFRSN – Nasjonale faglige retningslinjer for svangerskapsomsorgen i Norge

ACOG – The American Congress of Obstetricians and Gynecologist

NICE – National Institute for Health and Care Excellence

RCT – Randomiserte kontrollstudiar

NLH – Norsk legemiddelhåndbok

NEL – Norsk elektronisk legehåndbok

5-HT – 5-hydroksytryptamin

FDA – Food and Drug Administration

CHMP – Det europeiske legemiddelkontorets vitenskapelige komité

DES – Dietylstilbestrol

QOLS – Quality of Life Scale

PUQE – Pregnancy Unique Quantification of Emesis

REK – Regionale komiteer for medisisk og helsefaglig forskningsetikk

NSD – Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste

# 1 SAMANDRAG

**Bakgrunn:** Svangerskapskvalme er ei av dei vanlegaste plagene gravide opplever i løpet av svangerskapet og råkar om lag 7 av 10 gravide. Kor alvorleg kvalmen er variera der nokre opplever milde symptom medan andre oppleve vedvarande kvalme og oppkast som kan føre til innlegging på sjukehus. Årsaka til svangerskapskvalme er usikker, men er sannsynlegvis samansett av ei rekke faktorar. Svangerskapskvalme kan føre til dårleg livskvalitet og ha negativ påverknad på ulike faktorar i kvardagen. Det finst ulike behandlingar for svangerskapskvalme; for nokre vil kost- og livsstilsendingar eller ikkje-medikamentelle behandlingar hjelpe, medan andre må bli behandla med legemidlar. Sidan svangerskapskvalme vanlegvis oppstår i første trimester, samtidig som organutviklinga hos fosteret skjer, er mange skeptiske og tilbakehaldne med behandling med legemidlar grunna fare for teratogene effektar. Risiko ved bruk av legemidlar i svangerskapet blir ofte overestimert av kvinnene og helsepersonell.

**Hensikt:** Målet med denne studien er å undersøkje kva norske gravide med svangerskapskvalme brukar for å behandle kvalmen, og kva som påverkar bruken. Vidare ynskjer ein å sjå kor alvorleg kvalmen er og kva konsekvensar svangerskapskvalme kan ha på andre faktorar som livskvalitet og kvardagsliv. Vi ynskte også å sjå på erfaringar kvinnene hadde i møte med helsepersonell.

**Metode:** Metoden som blei brukt i denne studien var spørjeundersøking på internett. Ei annonse med link til spørjeskjema blei lagt ut på graviditets- og babyrelaterte nettsider. Kvinner som var gravid eller som hadde eit barn på under 1 år, og som hadde hatt svangerskapskvalme i noverande eller siste graviditet, kunne delta.

**Resultat:** Det var 712 kvinner som deltok i denne studien, dei fleste hadde moderat eller alvorleg svangerskapskvalme. Svangerskapskvalmen førte hos dei fleste kvinnene til dårlegare livskvalitet og påverka andre faktorar i kvardagen negativt, som dagleg aktivitet relatert til huslege gjeremål, sosialt liv, forhold til partner, evna til å ta seg av andre barn, redusert arbeidskapasitet på jobb og følelse av nedstemthet. Nokre kvinner vurderte også å avslutte svangerskapet eller å ikkje få fleire barn som følgje av svangerskapskvalme. Alle dei

nemnde faktorane var assosiert med alvorlegheitsgrad av kvalme. Nærmare 40 % av kvinnene hadde fått kvalmestillande legemidler, der meklozin og metoklopramid var mest brukt. Ei rekke andre behandlingar var også brukt, der 54 % av kvinnene hadde brukt alternativ behandling. Korleis kvinnene var blitt møtt av helsepersonell var varierende. Sjølv om dei fleste kvinnene blei møtt på ein imøtekomande måte av, opplevde om lag 10 % at legen ikkje var imøtekomande. Totalt var 60 % sjukemeldt i løpet av svangerskapet som følgje av kvalmen, blant desse var 62 % blitt sjukemeldt utan å ha blitt forskreve legemidlar. Risiko ved bruk av legemidlar blei overestimert blant kvinnene.

**Konklusjon:** Med denne studien såg ein at svangerskapskvalme i stor grad går utover livskvalitet og kvardagsliv hos gravide kvinner. Det er derfor viktig at helsepersonell har kunnskap om dei konsekvensane svangerskapskvalme kan ha og har for dei kvinnene som vert råka. Tydelege retningslinjer for behandling av svangerskapskvalme og god implementering av desse retningslinjene er nødvendig. Studien viser også at ikkje alle kvinnene blir møtt på ein tilstrekkeleg imøtekomande måte blant helsepersonell, til dømes ved at kvalmen kan bli normalisert og bagatellisert. Det er derfor viktig at helsepersonell tar kvinnene på alvor og lyttar til dei. Der behovet er tilstades vil tidleg diagnostisering, og dermed tidleg igangsetting av behandling, kunne minske risikoen for meir alvorlege symptom. Tidleg diagnostisering og behandling vil få positive følgjer både for kvinna og samfunnet.

## 2 BAKGRUNN

### 2.1 Svangerskapskvalme (Emesis Gravidarum)

Svangerskapskvalme er ei av dei vanlegaste plagene gravide opplever i løpet av svangerskapet og råkar om lag 7 av 10 gravide (1, 2). Alvorlegheitsgrada varierer frå lett kvalme i periodar til vedvarande kvalme og brekningar med redusert allmenntilstand (3). Nokre symptom er så alvorlege at kvinna opplever dehydrering og elektrolyttforstyrningar som kan føre til sjukehusinnlegging. Dette blir kalla hyperemesis gravidarum (HG) og rammar om lag 0,3 – 3 % av alle gravide (2, 4).

Utrykket ”morgonkvalme” blir gjerne nytta om svangerskapskvalme, noko som er misvisande då kvalmen kan oppstå til alle tider på døgnet (4). Gravide opplever vanlegvis kvalme, brekningar og oppkast i første trimester mellom veke 6 og 12, men nokre erfarer også at dette held fram ut over veke 20 (4). Kor omfattande tilstanden er vil variere frå kvinne til kvinne og frå svangerskap til svangerskap (1).

Vanleg svangerskapskvalme er samstundes ikkje vurdert til å ha nokon negativ innverknad på foster - snarare tvert imot. Ein oversiktsartikkel frå 2014 konkluderte med at vanleg svangerskapskvalme har ein beskyttande effekt i relasjon til spontanabort, medfødde misdanningar, fosterets vekst og for tidleg fødsel. Det er også vist at desse barna får betre resultat på psykologiske testar når dei vert eldre (5).

Både vanleg svangerskapskvalme og HG er vurdert til å ha negativ innverknad på livskvalitet hos den gravide (6, 7). Studiar har vist at kvinner som er råka av moderat til alvorleg svangerskapskvalme har same grad av livskvalitet som kvinner råka av brystkreft, hjarteinfarkt eller fødselsdepresjon (7). Svangerskapskvalme kan også påvirke familieliv, jobb og sosialt liv (8, 9). Kvinner med svangerskapskvalme beskriver ofte ei kjensle av isolasjon, trøttheit, makteslausheit, depresjon, angst, frustrasjon, mestringsvanskar og irritabilitet (10).

## **2.2 Alvorleg svangerskapskvalme (Hyperemesis Gravidarum)**

HG vert definert på fleire ulike måtar. Norsk gynekologisk foreining definerer HG på følgjande måte:

*”...vedvarande kvalme, brekningar og oppkast i graviditeten før veke 20, som fører til redusert allmenntilstand med dehydrering, vekttao og væske-og elektrolyttforstyrningar”* (11).

HG råkar opp til 3 % av alle gravide og tilstanden fører ofte til innlegging på sjukehus. Ketose er også vanlegvis ein konsekvens av HG (4). Tidlegare studiar utført i Noreg rapportera om ein prevalens av HG på ca. 1 % (12).

I Noreg blir gravide som er innlagt med HG diagnostisert i høve til retningslinjer laga av Norsk gynekologisk foreining. Diagnosen vert fastsett ved å ekskludere andre underliggande tilstandar (11). Fleire studiar har vist at kvinner med HG som opplever alvorlege symptom, har ei lågare grad av ynskje om eit nytt svangerskap (13, 14). I nokre tilfelle vel også kvinner som opplever HG å avslutte eit pågåande og elles ynskja svangerskap (15).

Vidare er HG assosiert med jentefoster, høgare insidens av barn med låg fødselsvekt, barn med låg vekt i forhold til gestasjonsalder og for tidleg fødsel. Det er lite kunnskap om langtidsverknadene hos barn født av mødre råka av HG (16).

## **2.3 Årsaker til svangerskapskvalme**

Årsaka til svangerskapskvalme fins det lite kunnskap om, men årsaka er sannsynlegvis samansett av fleire faktorar. Ei rekke hypotesar er føreslått og blir framleis forska på, deriblant psykologisk predisposisjon, evolusjonær tilpassing, hormonell stimulus og *helicobacter pylori* infeksjon (17).

### **2.3.1 Psykologisk predisposisjon**

Tidlegare tenkte ein at kvalme og oppkast i svangerskapet var ei psykosomatisk lidning eller konversjonslidning. Med dette meinte ein at kvinner som var kvalme og kasta opp under graviditeten ikkje klarte å takle stresset med å vere gravid og at dette stresset vart konvertert til fysiske plager (17). Andre studiar konkluderte med at kvinner opplever kvalme og oppkast



som følgje av vanskelege forhold med sine mødrer eller ektefelle (18). Perioden med den ovannemnde oppfatninga har fått namnet "intrapsychic Era" og varte frå 1930 til 1981 (18, 19). Teoriar om psykologisk predisposisjon har vore vanskelege å bevise då studiar på desse teoriene har vist seg å innehalde metodefeil, ikkje var blinda eller mangla kontrollgrupper. Ei seinare studie (2001) konkluderte med at teorien der kvalme vert beskrive som ei psykosomatisk lidning ikkje kunne støttast (20). Sjølv om det er eit avgrensa tilfang av litteratur som støttar teoriene knytt til samanhengar mellom psykologi og svangerskapskvalme, kan ein ikkje sjå bort i frå at svangerskapskvalme, i alle fall til dels, også kan ha ei psykologisk forklaring. Kvalme og oppkast har trulig ei biologisk forklaring, men psykologiske faktorar kan også spele ei rolle. Ytterlegare forskning trengst for å finne ut meir om forholdet mellom desse to faktorane (17, 18).

### **2.3.2 Evolusjonær tilpassing**

Denne teorien byggjer på at sidan milde tilfelle av svangerskapskvalme er positivt med omsyn til foster, så er svangerskapskvalme ei gunstig evolusjonær tilpassing som søker å bidra til vern om mora og fosteret. Teorien kan også forklare kvifor mange kvinner føler avsky mot enkelte smakar og lukter når dei er gravide, ved at denne «avsmaken» er ei tilpassing for å beskytte mor og foster mot giftstoff i maten og hindre infeksjon. Kvalme og oppkast er ofte knytt til første trimester, då fosteret er mest utsett for potensielle teratogene effektar frå framande stoff. I tillegg er maten som ofte blir unngått potensielt skadeleg mat som kjøtt, fisk, fjærkre og egg, jf. at dette er mat som sannsynlegvis inneheld meir bakteriar og virus enn annan mat (21, 22).

### **2.3.3 Hormonelt stimuli**

Ein annan teori i forklaring av kvalme og oppkast er forandringar i kroppen sitt hormonnivå, spesielt endringar i hormona humant choriongonadotropin (hCG), østrogen og progesteron. Mekanisamen til korleis desse hormona kan forklare svangerskapskvalme er uklar, men det kan verke som det er «timing» som støttar desse teoriene då kvalme og oppkast oppstår samtidig som det er observert auke i nivået av desse hormona i kroppen (17).

#### *- humant choriongonadotropin (hCG)*

Det er gjort observasjonar kor det er sett ein tidsmessige relasjon mellom starten av svangerskapskvalme og hCG-produksjon, der begge toppar seg rundt veke 12-14. I tillegg er det også observert at kvalme og oppkast i svangerskapet er meir uttalt hos kvinner med tilstandar assosiert med eit auka hCG-nivå, som til dømes blæremola og svangerskap med fleire foster (23, 24). Ein gjennomgangsartikkel bestående av 15 studiar, som alle var publisert i perioden 1990-2005, såg på samanhengen mellom HG og sirkulerande hCG-nivå. I elleve av desse studiane fann ein at pasientar med HG hadde eit signifikant høgare nivå av hCG enn kontrollane (24). Ein korrelasjon mellom mor sitt nivå av hCG og grada av svangerskapskvalme er ikkje alltid sett, men dette kan vere ei følgje av varierende biologisk aktivitet hos ulike hCG-isoformer (23).

#### *- Østrogen*

Østrogen er ei anna forklaring på kvalme og oppkast i svangerskap, men bevisa om denne hypotesen er usikre (25). Det er blitt demonstrert at kvinner med HG har eit signifikant høgare nivå av østrogen i første trimester samanlikna med ei kontrollgruppe (17). I tillegg er HG meir prevalent i tilstandar som er assosiert med høge østrogennivå, som høg BMI (body mass index) og førstegongsfødande. Andre årsaker som underbyggjer denne teorien er at legemidlar som inneheld østrogen, til dømes p-piller, har kvalme og oppkast som vanleg biverknad, der symptoma vil variere ut i frå dosering (24, 26). Kvinnene som får slike biverknadar av å bruke p-piller vil også ha auka sjanse for kvalme og oppkast ved graviditet (17). I tillegg er det sett at dersom ein røykjer vil det vere mindre sannsyn for å verte råka av svangerskapskvalme (27, 28). Dette kan også forklarast ved at østrogen er involvert, sidan røyking er assosiert med lågare østrogen-nivå (17, 29).

#### *- Progesteron*

Progesteron aukar glatt muskulær kontraktilitet og kan dermed føre til gastriske dysrytmiar eller forsinka tøming (17). Gastriske dysrytmiar kan assosierast med svangerskapskvalme (30). Det er observert både høgare og lågare konsentrasjonar av progesteron hos kvinner med svangerskapskvalme (24, 31). I tillegg er det også funne at der ikkje er nokon korrelasjon (32). Konklusjonane frå ulike studiar om samanhengen mellom progesteron og svangerskapskvalme er ikkje tilstrekkeleg overtydande, sidan desse konklusjonane byggjer på data frå både vanleg svangerskapskvalme og HG. I tillegg er det få deltakarar som har vore med (24).

Ein studie som såg på både østrogen og progesteron, fann at østrogen åleine ikkje forstyrre gastrointestinal nevro-muskulær funksjon, men at østrogen kunne forsterke dei dysrytmiske funksjonane til progesteron. Sidan kvalme normalt gir seg etter første trimester, medan nivået av østrogen og progesteron fortsatt er høgt ut svangerskapet, er det trulig mange andre mediatorar som også påverkar. Kanskje er det ein interaksjon mellom ei rekke sirkulerande hormon (33).

#### **2.3.4 *Helicobacter pylori*- infeksjon**

Ei meta-analyse frå 2009 indikera at eksponering for *Helicobacter pylori* (*H.pylori*) bakteriar er assosiert med ein auka risiko for HG. Assosiasjonen mellom HG og *H. Pylori* er likevel svakare i dei studiane der det er ein klar definisjon av HG (samanlikna med studiar utan same klare definisjon), og i nyare studiar samanlikna med tidlegare studiar (34). Tidleg i svangerskapet vil det vere auka akkumulering av væske hos den gravide samt ei forskyving av både intracellulær og ekstracellulær væske som eit resultat av auka nivå av steroidhormon i kroppen. Dette fører så til endring i pH som vidare kan føre til ein manifestasjon av latent *H.pylori*-infeksjon i gastrointestinal trakt. Infeksjonen kan overførast til fosteret og bør derfor behandlast (35). Den rolla *H.pylori*-infeksjon har med omsyn til å forverre alvorleg svangerskapskvalme eller HG er ikkje tydeleg. Spesifikke retningslinjer for diagnose og behandling har ikkje blitt utvikla og større epidemiologiske studiar trengst (36).

#### **2.3.5 Andre forklaringar**

Ein har sett at kvalme og oppkast er meir vanleg hos kvinner som også har hatt dette i tidlegare svangerskap og/eller har ei søster eller mor som har hatt dette. Dette tyder på at svangerskapskvalme kan vere genetisk (25, 37). Det er også spekulert i om kvalme og oppkast kan vere eit immunologisk fenomen, men det er foreløpig lite forskning på dette (25). Sidan symptoma hos gravide kvinner varierer frå mild kvalme og lite oppkast til HG, vil éi enkelt forklaring på svangerskapskvalme vere lite sannsynleg (17).

### **2.4 Svangerskapskvalme og konsekvensar**

Ein kan på eit vis seie at svangerskapskvalme oppheld seg i ein spesiell posisjon mellom ”normal” helse og sjukdom. Det at kvalme er ein vanleg og forventa del av svangerskapet gjer at ein kan vurdere svangerskapskvalme for å vere ein tilstand innanfor normal god helse

samstundes som ein slik kvalmetilstand blir sett på som ein sjukdom i dei aller fleste andre samanhengar (38). Generelt blir svangerskapskvalme sett på som både naturleg og vanleg, og i fortsetjinga av dette noko som kvinna berre må kome seg gjennom. Gravide kvinner som er råka av svangerskapskvalme blir gjerne ikkje gjeve tilstrekkelig forståing og støtte samt at den innverknaden kvalme og oppkast kan ha på livet elles blir bagatellisert (39).

For mange vil svangerskapskvalmen hindre kvinna i å oppretthalde sine normale aktivitetar, deriblant moglegheita til å halde seg i full jobb. I kva grad svangerskapskvalmen påverkar kvinnene vil vere individuelt og vil, i tillegg til styrken på kvalmesymptoma, vere avhengig av andre faktorar som personlege forventningar, mestringssevne samt støtte frå partner, familie og vennar (39).

#### **2.4.1 Livskvalitet**

Det er sett klar samanheng mellom svangerskapskvalme og redusert livskvalitet samanlikna med den generelle fødepopulasjonen med negative effektar på alle områder i livet, herunder fysisk funksjon, energi, sosial funksjon og mental helse. Redusert livskvalitet viser seg å kunne danne ein «snøballeffekt» ved at nedgang i éin komponent får konsekvensar også for andre område (9). Jo meir alvorleg svangerskapskvalme jo dårlegare vert livskvaliteten (7).

#### **2.4.2 Påverknad på kvardagen**

Kvinner med kvalme og oppkast i svangerskapet finn det ofte umogleg å ivareta daglegdagse aktivitetar og sosialt liv (39, 40). Ein studie fann at sosial funksjon og sosialt liv fekk lågast score og var signifikant lågare enn den tilsvarande scoren for kvinner generelt. Vidare er det hevda at kvinner med nedsett sosial funksjon grunna svangerskapskvalme kan oppleve vanskar også på andre områder i dagleglivet (9, 39). Psykososiale lidningar er sett blant kvinner med både mild, moderat og alvorleg svangerskapskvalme. Vidare er det sett ein samanheng mellom psykososiale faktorar og kvinna si avgjersle i om ho ønskjer medisinsk behandling av kvalmen eller ikkje - uavhengig av kor alvorleg kvalmen er. Når helsepersonell skal bestemme seg i forhold til eventuell behandling, bør vurderinga også basere seg på i kva grad svangerskapskvalmen påverkar kvinna sitt liv (8).

### 2.4.3 Konsekvensar av HG

Det er sett at kvinner med HG har auka risiko for å slite med angst og depresjon samanlikna med kvinner utan HG (41). Det er også sett at kvinner med HG i større grad enn andre kvinner får posttraumatisk stresslidning etter svangerskapet (42). Nokre kvinner med HG har i mindre grad ynskje om eit nytt svangerskap (15). Studiar viser også at enkelte kvinner med HG vel å avslutte eit elles ynskja svangerskap, medan andre kvinner har *vurdert* dette eller hatt eit ynskje om det i løpet av svangerskapet. Det har vist seg at dei psykososiale og sosiale konsekvensane av å ha HG, og ikkje berre dei fysiske symptoma, bidrar til at kvinner gjer slike vurderingar (8, 13-15). Ein studie frå 2001 fann at 3,4 % av kvinnene i studien (n total = 3201) valde å avslutte svangerskapet, medan 12,9 % hadde vurdert dette på grunn av kvalmen (13).

*Wernickes encefalopati* er ein sjeldan, men anerkjend og plagsam komplikasjon av HG og er forårsaka av tiaminmangel. To av tre dødsfall assosiert med HG i USA i perioden 1991-1993 var grunna Wernickes encefalopati. Wernickes encefalopati ser ut til å manifestere seg etter om lag sju veker med kvalme og vanskar med å få i seg næring. Tilstanden kan sjåast ved forvirring hos kvinna, augeabnormiteter og ataksi. Alle desse symptoma er ikkje alltid tilstades og dei fleste kvinnene får gjerne berre eitt av desse symptoma (43). *Hyponatremi* (lavt nivå av natrium i blodet) er ein annan tilstand som er sett i forbindelse med HG. Uttalt hyponatremi kan føre til personlegheitsforstyringar, muskelkramper, forvirring, ataksi, døsighet og svekka refleksar. Alvorleg hyponatremi må behandlast, men sidan behandlinga potensielt kan vere like farleg som sjukdomen i seg sjølv bør dette bli utført av kyndige fagpersonar (43).

### 2.4.4 Sjukemelding

Den uheldige effekten svangerskapskvalme kan ha i forhold til kvinna sine moglegheiter i å ivareta og holde seg i jobb kan ein sjå direkte i forhold til at kvinna er fysisk dårleg og på den måten ikkje klarar å yte jobbmessig og indirekte på grunn av måten svangerskapskvalmen påverkar andre aspekt i kvinna sitt liv, herunder livskvalitet, mental helse og dermed også jobb (39). Jobbjusteringar, der dette er mogleg, er assosiert med mindre fråvær frå jobb i svangerskapet (44, 45).

Ein studie utført blant 2918 norske kvinner, viste at 3 av 4 kvinner hadde vore sjukmeldt i løpet av svangerskapet. Bekkenløysing, trøythet, søvnproblem og svangerskapskvalme var hovudårsaka til sjukemelding målt som totalt tal på veker vekke frå jobb, medan faktorar som kroniske smerter og tidlegare depresjon var assosiert med lengst varighet av sjukemeldinga for den enkelte kvinna (45). Det var 638 (23,1 %) kvinner som hadde vore sjukmeldt grunna kvalme med ein median på 16 veker (45). Ei kohortstudie frå USA fann eit gjennomsnitt på 14 dagar fråvær frå jobb grunna svangerskapskvalme, men då med variasjonar avhengig av alvorlegheitsgrad (40). Ei anna studie frå Sverige viste eit gjennomsnitt på 13 dagar (median 5) (27).

Ikkje alle forskjellane i sjukemelding er relatert til den fysiske jobben, men sjukmeldinga kan gjerne også bli påverka av forventningar på arbeidsplassen eller av sosiale forhold og haldningar (45). Nokre kvinner ser på det å måtte sjukemelde seg som eit nederlag og føler vonbrot over at ein ikkje klarar å oppfylle forventningar (39).

#### **2.4.5 Kostnader for individ og samfunn**

I tillegg til å påverke livskvalitet kan også svangerskapskvalme ha økonomisk innverknad både for kvinna sjølv og for samfunnet (46). I land som USA ser ein direkte kostnadar i form av legemidlar, helsetenestar, hospitalisering og liknande samt indirekte kostnadar i forhold til sjukemelding og tid vekke frå jobb både for kvinna sjølv og eventuelt hennar partner. Ein studie frå USA (2013), fann den samla kostnaden til å vere om lag NOK 13 500,- (1837 \$ ) for å behandle ei kvinne for svangerskapskvalme. Kostnadane auka med alvorlegheitsgrad av kvalme (46). Ei anna studie utført i Canada 2007, som såg på kostnader per veke per kvinne, viste også at kostnadane aukar med alvorlegheitsgrada av kvalme (47). Nokre strategiar som kan vere med på å redusere desse kostnadane er tidleg diagnose og førebyggjande behandling i form av endringar i kost og livsstil samt ikkje-medikamentell og medikamentell behandling når ein ser det trengst (47).

#### **2.5 Behandling av svangerskapskvalme**

Korleis ein skal velje å behandle kvinner med kvalme og oppkast i svangerskapet avhenger av kor alvorlege symptoma er og kan variere i alt frå endringar i dietten til å måtte leggest inn på sjukehus med intravenøs ernæring. Det er ein fordel å starte med diett og livsstils-endring og

bruke legemidlar først dersom nødvendig (25). Nord-amerikanske retningslinjer anbefaler tidleg igangsetting av legemiddelbehandling då dette kan redusere meir alvorlege symptom samt kostnader knytt til sjukehusinnleggingar, legebepesøk, og sjukemeldingar. Det blir også hevda at når symptoma blir forverra er dei vanskelegare å behandle (48, 49). Sidan årsaka til kvalme ikkje er så godt dokumentert, blir det fokusert på å behandle symptoma (8).

### **2.5.1 Diett og livsstil**

Kvinner som slit med kvalme kan vere sensitive for mat og lukt, og har derfor problem med å få i seg nok næring. Dette kan føre til vekttao og dehydrering. For å redusere desse symptoma og kvalmen i seg sjølv, kan gode råd vere å ete små og hyppige måltid. Kvinna bør då unngå feittrik mat, sterk mat og jerntablettar. Kvalme har også vist seg å bli redusert dersom ein får i seg proteinrike måltid (10, 50). Dersom kvinna har problem med å få i seg fast føde, kan næringsdrikkar vere eit alternativ. I tillegg er det også viktig at kvinna får inntatt nok drikke mellom måltida (51). Eit anna råd som ofte blir gjeve til gravide er å ha salte kjeks eller liknande lett tilgjengelig ved senga, slik at ein heile tida unngår tom mage (52).

### **2.5.2 Behandling av halsbrann**

Det er funne at kvinner som opplever halsbrann og/eller sure oppstøyt i svangerskapet opplever auka alvorlegheitsgrad av svangerskapskvalme (53). Vidare er det sett at bruk av syrenøytraliserande medisinar kan føre til ein signifikant reduksjon av kvalme og oppkast (54). Behandling med histamin 2 blokkarar eller proton-pumpe-hemmarar kan bli vurdert, då desse klassane er godt studert og ikkje er funne å kunne assosierast med risiko for fosteret (55-57).

### **2.5.3 Alternativ behandling**

Dei siste 20 åra har bruk av komplementær og alternativ medisin vokse på verdsbasis (58, 59). Bruk av ikkje-medikamentelle behandlingar kan vere gode alternativ i enkelte tilfelle. Vitamin B6 og ingefær er mykje brukt mot kvalme og oppkast i svangerskapet. I tillegg kan akupunktur og akupressur av P6-området vere alternativ (10). Alle desse behandlingane er nemnd i Nasjonale faglige retningslinjer for svangerskapsomsorga i Noreg (NFRSN) som alternativ for behandling av svangerskapskvalme (1).

### *Bruk av urtemedisin i svangerskapet*

Bruken av urtemedisin i svangerskapet er høg, men med store variasjonar på tvers av landegrensene (58). Fleire studiar på bruk av urtemedisin i svangerskapet er utført i Noreg. Ein studie utført i 2004, blant 400 gravide kvinner, viste at 36 % hadde brukt urtemedisin i løpet av svangerskapet, med eit gjennomsnitt på 1,7 urtemedisin per kvinne (60). Ein studie frå 2008 til 2009 fann at 52,8 % av kvinnene hadde brukt urtemedisin i løpet av svangerskapet, med eit gjennomsnitt på 2,1 urtemedisin per kvinne. Ein anna studie frå 2014 fann at 30,6 % av kvinnene hadde brukt urtemedisin i svangerskapet med eit gjennomsnitt på 1,4 urtemedisin per kvinne (61, 62). Urtemedisin i svangerskapet blir hyppigast brukt til behandling av kvalme og for auka livmortonus. Dei fleste som brukte urtemedisin i svangerskapet blei anbefalt dette frå familie og vennar (60, 62). Dei urtene som er mest brukt i samanheng med svangerskapskvalme er ingefær, kamille, peppermynte og bringebærblad (63). Den urta som er nytta i størst grad er ingefær.

Ein av grunnane til det høge forbruket av urtemedisin i svangerskapet kan vere at mange tenkjer at urtemedisin er ”naturleg” og derfor tryggare å bruke samanlikna med legemidlar. Dette gjeld kanskje også spesielt for gruppa med gravide kvinner som, i tillegg til å tenke på eiga helse, også er bekymra for helsa til sitt ufødde barn. Urtemedisin blir ikkje regulert på same måte som konvensjonell medisin, og urtemedisin blir testa lite i forhold til sikkerheit og trygghet ved bruk under graviditeten (60, 64, 65). Det er funne at urtemedisin kan assosierast med risiko, men meir data trengst for å kunne definere risikoen for spesifikke urtemedisinar (65).

### *Ingefær*

Ingefær har ein lang tradisjon innan mat og urtemedisin. Effekten er lokal i gastrointestinal trakt og er sannsynlegvis relatert til stimulering av motiliteten ved antikolinerg og antiserotonerg effekt (66). I NFRSN blir ingefær anbefalt ved svangerskapskvalme (1). I retningslinjene til *The American Congress of Obstetricians and Gynecologist (ACOG)* er også ingefær anbefalt som det einaste ikkje-medikamentelle preparatet (48). Ingefær er også anbefalt i NICE (National Institute for Health and Care Excellence) guidelines (67).

Studiar viser ulike resultat i forhold til kor effektivt ingefær er (25). Ein oversiktsartikkel frå 2012 såg på tryggleik og effekt ved bruk av ingefær under svangerskapskvalme. Oversiktsartikkelen inkluderte fire randomiserte kontrollstudiar (RCT), og fann at ingefær var



meir effektivt enn placebo samt like effektivt som vitamin B6. Studien fann også at bruk av ingefær ikkje såg ut til å gi auka risiko for negative svangerskapsutfall (68). Dette har også andre studiar vist (68,69). Ein studie frå 2013 fann ingen auka risiko for misdanning, dødfødsel, lav fødselsvekt, for tidlig fødsel eller låg Apgar score (69). Anbefalt dose ingefær er 1000 mg dagleg. Ingefær har potensiale til å interagere med andre legemidlar (68).

### *Vitamin B6 (pyridoksin)*

Vitamin B6 er eit vassløyseleg vitamin og er eit viktig coenzym i metabolismen av aminosyrer, karbohydrater og lipider (70). Norske anbefalingar er pyridoksin 25 mg kvar 6.time eller 40 mg morgon og kveld (11). To randomiserte kontrollstudiar har sett på vitamin B6 for behandling av ulik alvorlegheitsgrad av kvalme. Den eine studien samanlikna 25 mg vitamin B6 kvar 8.time med placebo og fann ein signifikant reduksjon av alvorleg kvalme, men liten effekt ved mild og moderat kvalme. I alle gruppene (mild, moderat og alvorleg) vart oppkast signifikant redusert (71). Den andre studien såg på 10 mg vitamin B6 kvar 8. time, og fann reduksjon i både kvalme og oppkast samanlikna med placebo (72). Vitamin B6 er ein del av eit kombinasjonspreparat saman med antihistaminet doksyamin og har ikkje vist seg å ha teratogene effektar i denne kombinasjonen (71, 73). Det har vore uroing i høve til moglege toksiske effektar ved høge dosar pyridoksin (67).

### *Akupressur og akupunktur*

P6 er det viktigaste akupunkturpunktet for kvalme og oppkast. Punktet ligg 3 cm opp frå handleddet mellom dei to senene. I følgje tradisjonell kinesisk medisin, vil P6 føre til ei åndeleg ro, harmonisere magen og regulere alle indre organ (74). SeaBand er ein av dei mest populære formene for P6 stimulering fordi det er noninvasivt og enkelt i bruk (74).

Randomiserte studiar på bruk av SeaBand har vist varierende resultat. Desse er også avgrensa då blinda testing ikkje er blitt gjort (52). Ein studie fann ingen forskjell mellom akupressur og placebo (akupressurband plassert feil i forhold til P6 punktet) og mellom akupressur og ingen behandling når det gjaldt forbetring av svangerskapskvalme (75). Ein anna studie fann at varigheita, men ikkje alvorlegheitsgrada, av kvalme vart redusert samanlikna med placebo (76), medan endå ei anna studie viste at akupressur var meir effektivt enn placebo til å redusere moderat, men ikkje alvorleg svangerskapskvalme (77).

Invasiv stimulering inkludera vanlegvis bruk av tynne akupunktur nåler som kan bli stimulert manuelt (manuell akupunktur) eller elektrisk ved å kople til elektrodar (elektroakupunktur)

(74). Også her er det varierende resultat. Ei randomisert singelblinda studie som samanlikna manuell akupunktur med placebo (nålene blei brukt på feil punkt og ikkje stukke så langt inn) blant HG-pasientar fann ein større reduksjon i kvalme og oppkast hos dei som fekk aktiv akupunktur (78). Ei anna studie fann ingen forskjell i akupunktur og sham-behandling (brukte cocktailpinnar som ein trykte på huda) i forbetring av svangerskapskvalme (79). Ei siste studie fant at akupunktur var effektivt for å redusere kvalme og brekningar, men ikkje oppkast (80).

#### **2.5.4 Medikamentell behandling**

I Noreg blir nasjonale faglige retningslinjer (NFRFS), norsk legemiddelhandbok (NLH), norsk elektronisk legehandbok (NEL) og Veileder i fødselshjelp brukt som veiledarar i forbindelse med medikamentell behandling av svangerskapskvalme (1, 11, 81, 82).

Behandling av svangerskapskvalme med legemidlar er basert på bruk av antiemetika, som inkluderer antihistaminer, dopaminantagonistar og selektive 5-hydroksytryptamin-reseptor antagonistar (5-HT<sub>3</sub>) eller kombinasjonar av desse (51).

##### *Antihistaminer*

Antihistaminer er den gruppa legemidlar som er mest brukt som fyrstelinjeterapi for behandling av kvinner med kvalme og oppkast i svangerskapet (63). I Noreg er antihistaminer fyrstevalget, der meklozin (Postafen<sup>®</sup>) og prometazin (Phenergan<sup>®</sup>) er dei mest brukte (1, 3, 83). Dette er fyrstegenerasjons antihistaminer som kan gi trøyttheit hos mange (83).

Samanlagde data frå sju RCT som undersøkte kor effektive ulike antihistaminer var, fann at antihistamina signifikant reduserte kvalme. Dei ulike studiane brukte ulike antihistaminer med ulik dosering, så ein kan ikkje seie noko om kva regime som er mest effektivt basert på desse studiane (84). Ei meta-analyse som inkluderte 24 ulike studiar og over 200 000 kvinner fann ingen assosiasjon mellom bruk av antihistaminer i første trimester og fare for store misdanningar (85).

##### *Kombinasjon doksyamin og vitamin B6*

Kombinasjonsterapi med antihistaminet doksyamin (10 mg) og vitamin B6 (10 mg) er anbefalt som fyrstelinjeterapi i behandling av kvalme og oppkast i Canada og USA (10).

Denne kombinasjonen finst ikkje i Noreg. Kombinasjonen som originalt blei kalla Bendectin<sup>®</sup>, var det mest brukte legemiddelet for svangerskapskvalme og det einaste godkjende legemiddelet av *Food and Drug Administration (FDA)* fram til det blei trekt frå marknaden i 1983 etter ei rekke søksmål med påstandar om fosterskadar (86). Bendectin<sup>®</sup> blei kalla "the second Thalidomide", legar og gravide blei bekymra og produksjonen blei avslutta grunna auke i forsikringskostnadar for å oppretthalde eit så omstridt legemiddel (87). I løpet av dei siste 30 åra har mange studiar og to meta-analysar bekrefta at denne kombinasjonen er trygg. I Canada blei kombinasjonen dermed reformulert og blir i dag kalla Diclectin<sup>®</sup>. Diclectin<sup>®</sup> er eit legemiddel med modifisert frisetjing, som gjer at det kan doserast ved leggetid og har effekt neste morgon. Studiar viser at Diclectin<sup>®</sup> fører til ei signifikant forbetring av svangerskapskvalme og generelt velbefinnande samanlikna med placebo (86). I April 2013 blei denne kombinasjonen også godkjend i USA av FDA under navnet Diclegis<sup>®</sup> (10).

#### *Dopaminantagonist - Metoklopramid (Afipran<sup>®</sup>)*

Metoklopramid er ein dopaminantagonist og blir gjerne anbefalt dersom antihistaminer ikkje gir tilstrekkelig effekt (36). I Noreg er metoklopramid andrevalet ved hyperemesis i forbindelse med hospitalisering (88). Ei israelsk kohortstudie som involverte 3458 kvinner som var eksponert for metoklopramid i første trimester, viste ingen signifikant assosiasjon mellom eksposisjon og risiko for medfødde misdanningar, lav fødselsvekt, for tidleg fødsel eller død-fødsel. Dette samsvarar med ei register-basert kohortstudie som inkluderte 40 000 kvinner som var eksponert for metoklopramid i svangerskapet. Her konkluderte ein med at metoklopramid ikkje er assosiert med risiko for medfødde misdanningar, spontanabort og dødfødsel (89).

Etter ein felleseuropeisk gjennomgang av sikkerhet og effekt ved bruk av metoklopramid i 2013, blei det anbefalt bruk av lågare dose og kortare behandlingstid for å redusere risikoen for nevrologiske biverknadar. Anbefalingar frå *Det europeiske legemiddelkontorets vitenskapelige komité (CHMP)*, inkludert Noreg, er derfor at metoklopramid berre skal brukast ved korttidsbehandling i opptil 5 dagar. Hos vaksne vil den vanlege dosen være 10 mg opp til 3 gonger dagleg (maksimaldosen i løpet av 24 timar er 0,5 mg per kg kroppsvekt) (11, 90, 91). FDA har også utstedt ei åtvaring i forhold til bruk av metoklopramid, men anbefalinga her er å unngå bruk over 12 veker (52).

## *Ondansetron (Zofran<sup>®</sup>)*

Ondansetron er ein selektiv 5-HT<sub>3</sub> reseptorantagonist som brukast til å behandle kjemoterapi-indusert kvalme og oppkast (10). I Noreg blir ondansetron anbefalt ved HG, ved manglande effekt av antihistaminer, dopaminantagonister og metoklopramid (11). Ondansetron blir i aukande grad brukt ved svangerskapskvalme og HG, men informasjonen knytt til bruk under graviditet med tanke på fosterskade er avgrensa. I ein dansk registerbasert kohortstudie blei det funne at bruk av ondansetron i svangerskapet ikkje var assosiert med auka risiko for spontan abort, dødfødsel, fødselsdefektar, for tidleg fødsel, eller barn med lav fødselsvekt (92). Dette samsvarar med ei tidlegare studie som inkluderte 167 kvinner som brukte ondansetron i første trimester. Studien konkluderte med at det ikkje synest å vere ei auke i risiko for alvorlege fostermisdanningar ved bruk av ondansetron (93).

Ein dobbel-blinda randomisert studie som samanlikna 10 mg intravenøs ondansetron kvar 8. time og 50 mg promethazine (Phenergan) intravenøs kvar 8. time hos 30 kvinner, som var innlagt for HG, viste ikkje nokon fordelaktig effekt for ondansetron (94). Trass i denne studien har det blitt rapportert at ondansetron har vore til stor nytte i behandling av kvinner med HG der andre legemidlar ikkje har fungert (63).

## **2.6 Legemidlar og teratogene effektar**

### **2.6.1 Teratogene effektar**

Teratogener blir definert som eitkvart kjemisk eller miljø-messig middel som, i vanleg farmakologisk dose, har potensiale til å påverke normal utvikling og resultere i ein eller fleire medfødde misdanningar. Ein reknar at 2 - 3 % av alle nyfødde har misdanningar av strukturell eller funksjonell form. Det meste av desse misdanningane (60 - 65 %) har ingen definert etiologi, 20-25 % er vurdert å vere genetisk, 10 % har miljømessige årsaker i hovudsak grunna sjukdom hos mor (inkludert infeksjon), medan kun 1 % kan tilleggas legemidlar, kjemikalier og stråling. Trass i at legemidlar berre står for ein liten del av fosterskadane, er det også desse fosterskadane som er lettast å gjere noko med (95). Teratogene effektar kan ikkje berre relaterast til korleis sjølve legemiddelet verkar, men også «timing» og utviklingstrinn hos fosteret er avgjerande saman med dose, behandlingsvarigheit og interaksjonar med andre agentar som kan moderere eller forverre sluttresultatet (som t.d. røyking eller alkohol) (95).

### 2.6.2 Fosterutvikling og fare for misdanningar

På fagspråk kallar ein læra om fosterutviklinga for embryologi. Vi delar fosterutviklinga inn i tre periodar, med befruktinga som utgangspunkt (96):

- Celledelingsperioden, som omfattar heile den første veka etter befruktning
- Embryonalperioden, frå veke 2 og t.o.m. veke 8 etter befruktning
- Fosterperioden, frå veke 9 og t.o.m. veke 38 (termin/fødsel)

Det er i embryonalperioden differensiering av dei fleste organsystem skjer. Det er denne perioden som har størst mottakelegheit for teratogener, og det er i dette utviklingstrinnet dei fleste store misdanningar skjer. I fosterperioden veks organa i størrelse og strukturelle misdanningar vil vere mindre sannsynleg. Skadar som kan påverke fosteret sin vekst kan derimot skje. Det sentrale nervesystemet utviklar seg i heile svangerskapet, også etter at barnet er født, og er derfor det organsystemet som er mest utsett for fosterskadar (95).

Det er viktig å huske på at *eit legemiddel* kan påverke fleire forskjellige organsystem i ulike utviklingstrinn i fosterperioden. Defektar grunna legemiddel er ikkje tilfeldige hendingar, men eit resultat av spesifikke biokjemiske og farmakologiske interaksjonar som reflektera mekanismen av teratogenesen (95).

### 2.6.3 Legemiddelbruk ved graviditet

Legemidlar som gir utviklingskade hos eit foster har teratogen effekt. Når legemidlar gjev skade på gen-materialet og skaden kan overførast til nye generasjonar av celler, har legemidlet mutagen effekt (97). Sjølv om alle legemidlar ikkje passerar placenta like lett, må ein likevel rekne med at dei fleste kan nå fosteret. Dei fleste virkestoff vil passere placentamembranen ved passiv diffusjon, slik at legemidlar som er lipidløyselige, uioniserte og lavmolekylære vil passere raskast. Men også sterkt ioniserte stoff og enkelte makromolekyl kan passere placenta - spesielt ved langtidsbehandling. Skadar på det befrukta egget eller embryoet inntil ca. 3 veker etter befruktning (ca. 5 veker etter starten av siste menstruasjon) førar oftast til abort, medan seinare skadar enten kan gje abort eller teratogen effekt (98).

Sjølv om det er ei auka forståing og bevisstheit rundt effekten av legemidlar og miljøfaktorar i svangerskapet, er det framleis manglar på data basert på systematiske studiar med klare og tydelege svar i høve til teratogenisitet (95). Sjølv om legemidlar berre er ansvarleg for ein liten del av fosterskadane (1 %), blir det, grunna usikkerheit ved risikovurdering av legemidlar, anbefalt å vere generelt tilbakehalden med legemidlar i svangerskapet. Dette gjeld spesielt i første trimester. Eit viktig parameter er likevel at sjukdom hos mor i seg sjølv kan medføre fare for både mor og foster som kan overstige ein mogleg risiko for fosterskadeleg effekt av legemidlar (99).

*Eksempel på legemiddel som har gjeve fosterskadar:*

*- Thalidomid*

Thalidomid blei lansert som sovemedisin i Tyskland i 1957 og blei seinare også godkjend i fleire land, blant anna i Noreg (100). Etterkvart blei thalidomid også brukt for behandling av svangerskapskvalme (101). Tyske Dr. McBride og Dr. Lenz utarbeida i 1960 rapportar om nevropati etter langvarig bruk av thalidomid, og i 1961 begynte fleire å mistenke ein samanheng mellom thalidomid og den auka førekomsten av barn med ekstremitetsmisdanningar. Thalidomid blei trekt frå den tyske marknaden i november 1961 og kort tid etter i andre land. Samanhengen blei gradvis etablert og 4 års bruk av thalidomid hadde resultert i omlag 10 000 barn med alvorlege misdanningar. Dette var den største medikamentskandalen i moderne medisinsk historie (100, 102).

*- Dietylstilbestrol (DES)*

Dietylstilbestrol er ei syntetisk form av hormonet østrogen som blei forskreve til gravide kvinner mellom 1940 og 1971 for å hindre abort, for tidleg fødsel og relaterte komplikasjonar i svangerskapet. Det blei seinare funne at døtrer av mødrer som hadde brukt dette hormonet, hadde auka risiko for vaginalkreft, livmorhalskreft og brystkreft. Fertilitetsproblem var også meir vanleg blant desse døtrene (103).

## **2.7 Risikooppfatning og holdningar til bruk av legemidlar under graviditet *blant gravide og helsepersonell***

Studiar viser at risiko ved bruk av legemidlar under svangerskap vert overestimert av gravide. Det er nok ulike grunnar til dette, men thalidomidtragedien er truleg ein av årsakene. Media og internett har nok også ei stor påverknad på kvinnene si oppfatning av risiko (104). Det ser også ut til at sjølv om kvinnene får evidensbasert informasjon om trygghet ved bruk av enkelte legemiddel, så er ikkje dette nok. Grunnar til dette kan vere ei på førehand etablert missoppfatning og overtyding om at noko er skadelig. Denne misoppfatninga kan så vere vanskeleg å endre uansett kor trygg informasjonen er (105).

I ein studie gjort i Canada der 59 kvinner svarte på spørsmål angående bruk av legemiddelet Diclectin<sup>®</sup>, fortalde nokre kvinner at det som kunne overtyde dei i forhold til trygghet var dersom nære vennar eller familie hadde fått eit normalt barn etter å ha nytta legemiddelet (105). Kvinnene som valde å bruke Diclectin<sup>®</sup> i løpet av svangerskapet, fortalde om kjensler av skuld. Dei hadde i utgangspunktet ikkje lyst til å ta legemiddelet, men tilstanden deira var såpass dårleg at dei gjorde det likevel. Andre kvinner som ikkje brukte Diclectin<sup>®</sup>, grunna valet med at legen verka nølande i å føreskrive medisinen. Meir enn halvparten av kvinnene sa dei ville føretrekt alternative behandlingar, som til dømes urtemedisinar, framfor medikamentell behandling (105).

Ein studie frå 2013 der det blei utført fokusgruppediskusjonar med gravide som hadde opplevd svangerskapskvalme, viste at kvinnene ofte hadde ei oppfatning av at deira helsetilstand ikkje var dårleg nok til å kunne nytte legemidlar og at legemidlar kunne skade barnet i magen. I tillegg erfarte mange kvinner at legen fortalde dei at kvalme i svangerskapet var normalt og ikkje ein sjukdom, og i forlenginga av dette at kvinnene måtte tåle at dette gjekk ut over andre ting som sosialt liv og jobb. Kvinnene hadde også ei oppleving av at svangerskapsomsorga var tilbakehaldne i forhold til bruk av legemidlar, uansett kor dårleg og kvalm den gravide var (106).

Dette stemmer overeins med ein studie frå 2014 der det blei utført fokusgruppediskusjonar med legar. Studien viser at legane var samde om viktigheten av å normalisere svangerskapskvalmen. Dersom kosthalds- og livsstilsråd ikkje gav noka lindring, var legane samde om at legemidlar var neste steg. Samtidig gav dei uttrykk for vegring mot å behandle

gravide med legemidler i første trimester grunna frykt for teratogene effektar. Studien viste også at legar gjerne trakk fram sjukemelding som eit alternativ til medikamentell behandling (107).

## **2.8 Svangerskapsomsorga i Norge**

Svangerskapsomsorga har ein sterk tradisjon i Noreg, og kvinna sine behov og ynskjer er utgangspunktet for svangerskapsomsorga. Alle gravide får tilbod om ni gratis svangerskapskontrollar som skal sørge for at kvinna får råd og rettleiing, slik at både kvinna og barnet har det best mogleg. Kvinna vel sjølv om ho vil gå til lege, til jordmor eller begge i løpet av svangerskapet (1, 108).

Ved første kontroll (veke 8-12 i følgje retningslinjer) skal jordmor eller fastlege informere om ulike rutineundersøkingar og prøvar som blir tatt under svangerskapet. Kvinna får også eit helsekort, der jordmor eller lege noterar ned resultat frå prøver og undersøkingar. Alle gravide får tilbod om ultralydundersøking i veke 17-19. Hensikta med undersøkinga er å finne tal på foster, vurdere morkaka si plassering i livmora samt gjere målingar av fosteret sin mage-og hovuddiameter for å kunne fastsette riktig termin dato. Vidare blir kvinna følgt opp med kontrollar i veke 24, 28, 32, 36, 38, 40 og 41. Der er også overtidskontrollar dersom ein ikkje har født innan veke 41 (1, 108).

Kvinner bør bli tilbydd kontinuitet gjennom svangerskap, fødsel og barseltid. Det betyr å møte så få fagpersonar som mogleg som kvinna føler seg vel med gjennom heile svangerskapet. I tillegg bør den gravide få informasjon og støtte som gjer ho i stand til å ta informerte slutningar (1).



### 3 HENSIKT OG PROBLEMSTILLING

Som beskrive ovanfor, er det i andre land gjort fleire studiar i forhold til gravide med svangerskapskvalme, men vi veit lite om korleis norske gravide med svangerskapskvalme har det. Grunna ulikheiter i oppbygging av offentleg svangerskapsomsorg, tilgang på legemidlar, og andre kulturelle skilnadar kan ein ikkje automatisk overføre funn frå studiar i andre land til norske forhold. Hensikta med dette forskingsprosjektet var å undersøkje i kva grad norske gravide kvinner med svangerskapskvalme nyttar legemidlar og andre behandlingsmetodar ved svangerskapskvalme samt kva faktorar som påverkar bruken. I tillegg ynskje vi å studere kor alvorleg kvalmen er, om forskjellig grad av svangerskapskvalme har ulike konsekvensar for kvinna sin generelle livskvalitet og oppleving av kvardagen samt om type behandling anvendt er assosiert med alvorlegheitsgrad av kvalme, og ulike maternale karakteristika. Vi ynskje også å kartleggje kva erfaringar kvinner som har hatt svangerskapskvalme har i møte med svangerskapsomsorga.

Det overordna målet var å skaffe kunnskap som kan vere med på å betre svangerskapsomsorga for kvinner med svangerskapskvalme.

Følgjande problemstillingar ynskje vi å undersøkje:

- 1) Kva behandling, inkludert både legemidlar og alternative behandlingsformer, har norske gravide med kvalme brukt/fått forskreve mot kvalme?
- 2) Kva haldningar har kvinner som har hatt svangerskapskvalme generelt til bruk av legemidlar under graviditet?
- 3) Kva faktorar (maternale karakteristika, haldningar, risiko-oppfatning, alvorlegheitsgrad av kvalme) har betydning for val av behandling mot svangerskapskvalme?
- 4) I kva grad rapportera kvinner med svangerskapskvalme bruk av sjukemelding?
- 5) Er det samanheng mellom 1) alvorlegheitsgrad av svangerskapskvalme og 2) legemiddelbruk, livskvalitet, målt ved Quality of Life Scale (QOLS), og oppleving av kvardagen?
- 6) Korleis føler norske gravide med svangerskapskvalme seg ivaretatt av svangerskapsomsorga?

## 4 MATERIALE OG METODE

### 4.1 Val av metode

#### *Spørjeundersøking på nett*

Spørjeundersøking på internett blei vald som metode for dette forskingsprosjektet. Internett gjev mange moglegheiter med tanke på innsamling av store datamengder. Bruk av internettbaserte spørjeundersøkingar for gjennomføring av epidemiologiske studiar blir i større og større grad sett på som eit fullverdig alternativ til dei tradisjonelle metodane for datainnsamling, slik som intervju og undersøkingar i papirform, då det er sett ein generell nedgang i responsrate samt auka kostnadar ved bruk av tradisjonelle metodar (109). Dei fleste i Noreg har tilgang til internett, og det er sett at 97 % i aldersgruppa 16-44 brukar internett dagleg (110, 111). Internett ga oss moglegheit til å nå gravide kvinner/småbarnsmødrer i heile landet.

### 4.2 Gjennomføring av spørjeundersøkinga

#### *Rekruttering*

Rekrutteringa føregjekk frå 10. november 2014 til 31. januar 2015. Følgjande inklusjonskriteriar gjaldt for studien:

- gravid eller småbarnsmor med barn under 1 år
- har eller har hatt svangerskapskvalme i noverande eller siste svangerskap

I tillegg måtte respondenten vere over 18 år.

#### *Datainnsamling*

Datainnsamlinga blei gjort ved hjelp av eit anonymt spørjeskjema administrert av Survey Xact. Dette var ei opa undersøking, ved at invitasjon til å delta i studien med link til spørjeskjema blei lagt ut på ulike graviditet og babyrelaterte nettsider, herunder tryggmammamedisin.no, altformamma.no, mammanett.no og diverse forum. Ordlyden på invitasjonen var av typen: "Har du hatt erfaring med svangerskapskvalme? Ynskjer du å vere med i ei undersøking om dette?" Det vart også lagt ut link på ulike facebook-sider; EMESIS-studien, Senter for farmasi, foreldre&barn, Caroline Berg Eriksen (bloggar). Medisinsk-odontologisk fakultet reklamerte også for studien på sin instagram-konto. Elles vart link til

undersøkinga spreidd både munnleg og på facebook ved hjelp av vener/kjenningar av masterstudent og prosjektmedarbeidarar.

Før kvinnene valde å svare på spørjeskjemaet, fekk dei presentert studieskildringa og hensikta med studien, opplysningar om at dei når som helst kunne trekke seg frå studien, og kontaktopplysningar til prosjektmedarbeidarane. Deretter blei kvinnene bedt om å svare på: Samtykkeerklæring: Eg har lese informasjonen om studien og bekreftar at eg ynskjer å delta i denne undersøkinga? Svarte ein ”Ja” på dette spørsmålet, vart dette sett på som å gi informert samtykke til deltaking.

#### *Opprettelse av facebook-side (EMESIS-studien)*

I slutten av oktober blei det oppretta ei facebook-side, kalla EMESIS-studien. Hensikta med denne sida var å oppretthalde aktivitet rundt undersøkinga medan den låg ute på nett. To til tre gongar i veka blei det lagt ut ulike små innlegg med tema knytt til graviditet og svangerskap. Nokre døme på kva som blei skreve om er implantasjonsblødning, svangerskapsplager som halsbrann, forstopping, hemoroidar, litt om kvar ein kan finne trygg informasjon for gravide/ammande, inndeling av graviditeten og fosterutvikling. I tillegg blei det med jamne mellomrom lagt ut ei påminning om EMESIS-studien med link til spørjeskjemaet. Innlegga blei skreve av masterstudent for EMESIS-studien og av masterstudent for HG-studien. HG-studien er saman med EMESIS-studien ein del av eit samarbeidsprosjekt mellom masterstudent i Bergen med veileदारar og masterstudent i Oslo med veileदारar. Resultata frå HG-studien utgjer masterstudenten i Oslo sitt masterprosjekt.

#### *Pilotstudie*

Ei pilotstudie blei gjennomført i 2014 (i forkant av studien). Pilotstudien bestod av at fem kvinner, som var innanfor inklusjonskriteriane, gjennomførte spørjeskjemaet og kom med tilbakemelding på e-post innan ei veke etter at linken til skjemaet vart utdelt. Desse kvinnene var vener/kjenningar av masterstudent og prosjektmedarbeidarar. Med denne pilotstudien ynskte vi å få tilbakemelding på kor lang tid respondentane brukte på å gjennomføre skjemaet samt å finne ut om det var noko som var vanskeleg å forstå eller om respondentane hadde andre kommentarar. Etter tilbakemelding frå respondentane vart det gjort enkelte endringar, som å tilføre nokre spørsmål, tydeliggjere spørsmålsstillinga enkelte stader samt lage moglegheit for å svare meir utfyllande på enkelte spørsmål ved å legge til opne svarfelt. I tillegg forandra vi på førespegla tidsbruk for undersøkinga i infoskrivet.

### *Skildring av spørjeskjemaet*

Den første delen av spørjeskjemaet omhandlar svangerskapet. Her blir respondentane spurt om dei er gravid på noverande tidspunkt eller er småbarnsmor. Det blir også spurt om kor langt dei er på veg i svangerskapet, eventuell alder på barnet dersom kvinna som svarar er småbarnsmor samt totalt tal barn.

Dei neste delane av spørjeskjemaet inneheldt spørsmål om svangeskapskvalme. Kvinnene som er gravide og opplever svangeskapskvalme i det tidspunktet dei deltar i studien blir stilt tre spørsmål om korleis dei har opplevd kvalmen det siste døgnet; kor mange timar dei har følt seg kvalm eller uvel, kor mange gongar dei har kasta opp og kor mange gongar dei har hatt brekningar utan oppkast. Vidare blir desse kvinnene spurt om kvalmen er på sitt verste no. Dersom dei svarar ”nei” på dette spørsmålet, blir desse kvinnene samt kvinnene som er gravide (men ikkje lenger er kvalme) og småbarnsmødrene spurt om å ta utgangspunkt i eit typisk døgn der svangeskapskvalmen var på sitt verste. Alvorlegheitsgrad blei målt ved bruk av *Pregnancy Unique Quantification of Emesis scale (PUQE)*. Vidare blir det stilt spørsmål om opplevde konsekvensar av svangeskapskvalme, behandling av svangeskapskvalme, plager i svangerskapet, korleis respondentane følte seg ivaretatt av svangeskapsomsorga, sjukemelding og svangeskapskvalme i eventuelle tidlegare svangerskap.

Dei påfølgjande delane av spørjeskjemaet tar for seg haldningar til legemidlar og urtemedisin, kvinnene si eiga vurdering av risiko i svangerskapet og kvar dei hentar informasjon om behandling av svangeskapskvalme.

Den neste delen av spørjeskjemaet blir kalla ”Livskvalitet”. Generell livskvalitet blir målt ved hjelp av *Quality of Life Scale (QOLS)* som består av eit sjølvrapporteringskjema for tilfredshet på 16 ulike livsområder.

Deretter er det eit ope svarfelt kor det vart spurt om respondenten hadde råd å komme med til helsepersonell som følgjer opp gravide med svangeskapskvalme. Siste del omhandlar respondenten sjølv, der det blant anna blir spurt om kroniske sjukdomar og oppfatning av eiga helse.

Sjå vedlagt spørjeskjema for nærare detaljar.

## *Variablar*

Følgjande variablar blei studert i denne studien:

- Maternale karakteristika (alder, paritet, multippelt svangerskap, sivilstatus, utdanning, arbeidssituasjon, røyking og kroniske lidingar)
- Alvorlegheitsgrad av svangerskapskvalme v.h.a. PUQE-skalaen
- Behandling av svangerskapskvalme
- Sjukemelding som følge av svangerskapskvalme
- Haldningar til og risikooppfatning ved bruk av legemidlar i svangerskapet
- Livskvalitet v.h.a. QOLS

## *Godtgjersle til deltakarane*

Eit gåvekort på 1000 kr blei lodda ut blant deltakarane som ynskja det. Dei respondentane som ville vere med skreiv inn e-postadresse. Når undersøkinga var avslutta på internett, vart ei av e-postadressene tilfeldig vald ut og vinnaren kontakta.

Sjå vedlegg for meir detaljar.

## *Utarbeiding av logo*

I starten av masterperioden vart det utarbeida logo og namn på studien. Logoen blei først teikna av masterstudent, og vidare digitalisert av Sigve Solberg. Tanken bak logoen var å få fram eit uttrykk for sjølve kvalmen, men det var samtidig viktig å få fram gleda som ligg i botnen: gleda over å skulle få eit barn. Derav hjartet på magen til den gravide kvinna. Namnet kjem frå det latinske uttrykke *emesis* som betyr å kaste opp.

## **4.3 Analyseverktøy**

### *Pregnancy Unique Quantification of Emesis scale (PUQE)*

PUQE scoringssystem er eit verktøy for å bestemme alvorlegheitsgrad av svangerskapskvalme. PUQE er vidareutvikla frå The Rhodes' score frå 1984, som vart laga for å bestemme alvorlegheitsgrad av kvalme og oppkast hos dei som får kjemoterapi-behandling. The Rhodes' score blei modernisert av Koren et al. i 2002, og er det fyrste verktøyet som vart laga spesifikt for gravide med svangerskapskvalme (39, 112). Det originale PUQE-verktøyet tok utgangspunkt i dei siste 12 timar. Embrahimi et al. forsøkte så å modifisere PUQE 12-times verktøyet ved å inkludere dei siste 24 timar i staden for dei siste 12 timar. Dette var for å

unngå faren for at nokre av dei 12 timane inneheldt søvn og at ein dermed ikkje fekk det tilstrekkelige omfanget av kvalme og oppkast i løpet av ein dag (113).

PUQE-24 timers verktøyet er brukt i dette prosjektet, og bestemmer alvorlegheitsgrada av svangerskapskvalmen ved å sjå på tal på timar med kvalme, tal på gongar ein kastar opp og til på gongar ein opplever brekningar i løpet av dei siste 24 timar. Det er den gravide sjølv som svarar. Symptoma blir bestemt ved å bruke ein 5 poengs-skala. Det blir så rekna ut ein totalscore med mogleg sum frå 3 til 15, der 3 representerer ingen symptom og 15 representerer maksimalt med symptom. Ein score mellom 3 og 6 blir rekna som mild svangerskapskvalme, ein score mellom 7 og 12 blir rekna som moderat svangerskapskvalme og ein score på 13 eller over 13 blir rekna som alvorleg svangerskapskvalme. Den norske versjonen av PUQE blei henta frå Veilederen, og er nylig validert i Norge (11, 114).

### *Quality of Life Scale (QOLS)*

QOLS er eit globalt og generelt spørjeskjema om livskvalitet. Spørjeskjemaet inneheld ikkje sjukdoms-spesifikke spørsmål, men omhandlar aspekt i livet som kan bli påverka av sjukdom. QOLS gjer det mogleg å kunne samanlikne livskvalitet mellom grupper av pasientar med ulike sjukdommar, og med den generelle befolkninga (115).

QOLS var originalt eit instrument bestående av 15 tema som bestemte fem områder av livskvalitet: velbefinnande (materieil og fysisk), forhold til andre menneske, sosial deltaking (i samfunn og kommunal verksemd), personleg utvikling og rekreasjon. Instrumentet fokusera på domene som kjem frå kvalitative beskrivingar blant folk av begge kjønn, med både kulturelle og språklege forskjellar (116, 117). QOLS blei seinare tilpassa/tilrettelagt av Burckhardt et al. til bruk for pasientar ved å legge til endå eit tema; *uavhengighet* (totalt 16 tema) (116, 118). QOLS er eit pålitelig og validert instrument for å bestemme livskvalitet frå eit pasientperspektiv (115, 118). Verktøyet er også validert og publisert oversett til norsk (QOLS-N) (115).

Kvinnene blir bedt om å rangere kor fornøgd dei er i forhold til dei 16 emna, der rangeringa går frå «svært fornøgd» (7 poeng) til «svært misfornøgd» (1 poeng) Livskvaliteten blir så funne ved å legge saman poenga frå kvart emne. Totalsummen kan ligge mellom 16 og 112. Høgare score tyder på betre livskvalitet (115, 116).

#### 4.4 Analyser av resultat

##### *Statistisk analyse*

I februar starta vi å analysere resultatata ved hjelp av statistikkprogrammet *SPSS 21*.

Dei statistiske testane som er brukt er Kji-kvadrat test, t-test og one-way ANOVA test.

Kji-kvadrat er ein ikkje-parametrisk test som blir brukt for å finne ut forholdet mellom to kategoriske variablar (119). Kji-kvadrat test er i denne oppgåva brukt for å sjå på følgjande samanhengar: alvorlegheitsgrad av kvalme (målt med PUQE) og påverknad på kvardag, alvorlegheitsgrad av kvalme og andre svangerskapsplager, alvorlegheitsgrad av kvalme og behandling/sjukehusinnlegging, maternale karakteristika og behandling/sjukehusinnlegging.

T-test er ein parametrisk test som vert nytta når ein ynskjer å samanlikne

gjennomsnittsverdiar i to ulike grupper (testen har normalfordeling og homogenitet av variansen som føresetnad) (119). I denne oppgåva er t-test nytta for å sjå på livskvalitet (QOLS) i ulike grupper: gravid og småbarnsmor, kvalm no og ikkje kvalm no. One-way ANOVA blir nytta når ein ynskjer å sjå på gjennomsnittet i to eller fleire grupper (testen har normalfordeling og homogenitet av variansen som føresetnad). *One-way* involverar *ein* uavhengig variabel/faktor (119). One-way ANOVA blir i denne oppgåva nytta for å sjå på samanhengen mellom alvorlegheitsgrad av kvalme (målt med PUQE) og QOLS og for å sjå på forskjellen mellom risikovurdering av ulike legemidlar/rusmidlar hos brukarar og ikkje-brukarar samt for å sjå på samanhengen mellom tal på kvalmestillande legemidlar brukt og alvorlegheitsgrad av kvalme. Signifikansnivået vart satt til 0,05.

##### *Klassifisering av fritekstsva*

Kvinnene er blitt spurt om skildringar i forhold til korleis dei har blitt møtt av ulike aktørar i helsevesenet. Masterstudenten har laga ei oppsummering av desse skildringane i resultatdelen og tatt med nokre direkte sitat frå kvinnene som representera det som blei uttrykt. Når det gjaldt spørsmål i undersøkinga i høve til om kvinna hadde vurdert å avslutte svangerskapet som følgje av kvalmen og om ho hadde vurdert å ikkje få fleire barn som følgje av kvalmen, var det her eit ope fritekst-felt. Kvinnene som nytta fritekst-feltet måtte derfor kategoriserast i grupper ”ja”, ”nei”, ”usikker”. Dette blei gjort av masterstudenten. Eit par døme er tatt med: Sitat i forhold til vurdering av abort med følgjande ordlyd: ”Tenkte tanken, men ville nok aldri ha gjennomført det” blei vurdert som ”nei”, medan ”Jeg nevnte flere ganger at jeg ikke orket å være gravid én eneste dag til” blei sett på som eit ”ja”.

## **4.5 Etikk og personvern**

### *REK-godkjenning*

Forskningsprosjektet er godkjent av Regionale komiteer for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk, Region Vest (REK-Vest).

For å ivareta REK-Vest sine vilkår i forhold til sletting av elektronisk koplingsnøkkel, vart e-postadresser sletta like etter at undersøkinga var ferdig og vinnar av gåvekort trekt.

### *Personvernombudet for forskning*


Forskningsprosjektet vart meldt inn og vurdert av Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD) i henhold til personsopplysnings-og helseregisterlova.



## 5 RESULTAT

### 5.1 Gjennomføringsrate

Spørjeskjemaet blei distribuert til 2953 kvinner, blant desse var det 1517 som sa ”ja” til å delta. Av dei som takka ja til å delta, var det 1255 kvinner som oppfylte inklusjonskriteriane om å vere over 18 år, gravid eller småbarnsmor med barn under eitt år og vere/ ha vore kvalm i svangerskapet. Av desse var det 712 (56.7%) kvinner som gjennomførte heile spørjeskjemaet. Sidan spørsmål om maternale karakteristika kom på slutten av spørjeskjemaet, vart det valt å berre inkludere dei kvinnene som hadde svart på alt i dei vidare analysane (figur 1).



**Figur 1** Flytskjema for rekruttering

## 5.2 Studiepopulasjon

Blant dei 712 kvinnene var det 447 gravide og 265 småbarnsmødrer. Tabell 1 viser ein oversikt over maternale karakteristika, både hos respondentane i EMESIS-studien og for den generelle fødepopulasjonen. Totalt var det flest kvinner i aldersgruppa 30 - 39 år. Kvinnene i EMESIS-studien var noko yngre enn den generelle fødepopulasjonen, med ein større del i gruppa under 25 år og 25 - 29 år. Det er også fleire respondentar med høgare utdanning blant kvinnene i EMESIS-studien. I tillegg røyker desse respondentane mindre og brukar folsyre i større grad. Forutan om dette ser kvinnene i EMESIS-studien ut til å vere tilnærma lik den generelle fødepopulasjonen. Kvinnene i EMESIS-studien er også geografisk tilnærma likt fordelt som den generelle fødepopulasjonen, med respondentar frå alle fylka (figur 2).

**Tabell 1** Samanlikning generell fødepopulasjon og EMESIS-studien (n=712)


	Generell fødepopulasjon (%)*	EMESIS-studien (%)
<b>Alder</b>		
Under 25	15.4	20.4
25-29	31.9	38.3
30-39	49.3	39.5
Over 40	3.3	1.8
<b>Sivilstatus</b>		
Gift/samboer	93.4	92.8
Annet	5.9	7.1
<b>Utdanning<sup>a</sup></b>		
Kvinner 25-29		
Grunnskole	19.3	2.6
Vidergående	27.1	22.3
Bachelorgrad	41.0	51.6
Mastergrad	12.6	19.0
<b>Paritet<sup>b</sup></b>		
Ingen barn fra før	42.2	53.7
Ett eller flere barn fra før	57.9	45.9
<b>Multiparitet</b>		
Ja	98.3	97.8
Nei	1.7	2.2
(Vet ikke) <sup>c</sup>	-	(14.9)
<b>Røyking</b>		
Dagligrøykere	4.3	0.3
Røykere	5.1	3.5
<b>Folsyre</b>		
Før svangerskapet	27.3	46.6
I svangerskapet	70.0	74.9

\*Tala for generell fødepopulasjon er henta frå medisinsk fødselsregister og statistisk sentralbyrå, frå 2013

a Dei som har svart "Annen utdanning" i EMESIS-studien er ikkje tatt med i tabellen (4,5 %)

b 3 (0,4 %) missing i EMESIS-studien


c Nokre av dei gravide var tidleg i svangerskapet, og har derfor svart «vet ikke»




**Figur 2** Geografisk spreing (n=712)

### 5.3 Kvalmeforløp og alvorlighetsgrad

Hos 31,0 % av kvinnene starta kvalmen i veke 6 (figur 3). Det var større variasjonar i tidspunktet for når kvalmen slutta hos kvinnene (figur 4). Hos 26,9 % slutta kvalmen i veke 16 eller før, medan kvalmen slutta etter veke 20 for 20,6 % av respondentane.



**Figur 3** Kvalme start (n=712)




**Figur 4** Kvalme slutt (n=425)

Alvorlegheitsgrad av kvalme blei målt ved hjelp av PUQE. Totalt var det 62 kvinner (8.7%) som hadde mild svangerskapskvalme, 439 kvinner (61,7 %) hadde moderat svangerskapskvalme og 210 kvinner (29,5 %) hadde alvorleg svangerskapskvalme. På spørsmål om kvinna hadde fått diagnosen hyperemesis gravidarum, svarte 193 kvinner (27,1 %) «ja». I tillegg svarte 117 kvinner (16,4 %) at dei hadde hatt elektrolyttforstyrningar.

## 5.4 Svangerskapskvalme og konsekvensar

### *Påverknad på kvardagen*


Svangerskapskvalmen påverka i stor grad andre faktorar i dagleglivet hos kvinnene (figur 5). Hos over 70 % av kvinnene hemma svangerskapskvalmen dagleg aktivitet (relatert til huslege gjeremål) og sosial omgang i markant grad. Det var få kvinner der svangerskapskvalmen ikkje påverka i det heile tatt på huslege gjeremål og sosial omgang (4,1 % og 6,2 %). Også når det gjaldt forhold til partner, svarte 80 % at kvalmen påverka negativt i enten *lett* eller *markant* grad. Både evna til å ta seg av andre barn og arbeidskapasitet på jobb blei påverka hos over 90 % av kvinnene, for dei fleste i *markant* grad.



**Figur 5** Svangerskapskvalme i kvardagen

\*Dei som har svart "ikke relevant" eller "har ikke barn fra før" er tatt vekk frå analysane, n er derfor ikkje 712.

Svangerskapskvalmen førte også til ein følelse av å vere nedstemd (figur 6). Totalt følte om lag 70 % av kvinnene seg nedstemd som følgje av svangerskapskvalmen anten *deler av tida* (45,5 %) eller *det meste av tida* (26,3 %), medan 2,8 % svarte at dei *alltid* følte seg nedstemt som følgje av kvalmen.



**Figur 6** Svangerskapskvalme og følelse av nedstemthet (n=712)

Vidare er det funne ein signifikant forskjell i dei tre gruppene (mild, moderat, alvorleg) i kor stor grad dei påverkar ulike faktorar i kvardagen (tabell 2). Det ser ut til at jo meir alvorleg kvalmen var, i desto større grad blei kvardagen påverka negativt i forhold til huslege gjøremål, sosial omgang, forhold til partner, evne til å ta seg av andre barn, arbeidskapasitet på jobb og kjensle av å vere nedstemd. Også i høve til om kvinnene vurderte å avslutte svangerskapet eller vurderte å ikkje få fleire barn, såg ein assosiasjonar til alvorlegheitsgrad av kvalme.

**Tabell 2** Alvorlegheitsgrad av kvalme og påverknad på kvardagen

	Total n=712	Mild n=62 (%)	PUQE <sup>a</sup>		p-verdi*
			Moderat n=439 (%)	Alvorlig n=210 (%)	
<b>Hemming i daglig aktivitet relatert til huslige gjøremål</b>					
Ingen	29 (4.1)	14 (22.6)	14 (3.2)	1 (0.5)	<0.001
Lett	150 (21.1)	37 (59.7)	103 (23.5)	10 (4.8)	
Markant	533 (74.9)	11 (17.7)	322 (73.3)	199 (94.8)	
<b>Redusert sosial omgang</b>					
Ingen	44 (6.2)	18 (29.0)	23 (5.2)	3 (1.4)	<0.001
Lett	155 (21.8)	34 (54.8)	103 (23.5)	17 (8.1)	
Markant	513 (72.1)	10 (16.1)	322 (73.3)	190 (90.5)	
<b>Negativ påvirkning på forhold til partner</b>					
Ingen	134 (18.8)	23 (37.1)	77 (17.5)	34 (16.2)	<0.001 <sup>b</sup>
Lett	306 (43.0)	32 (51.6)	193 (44.0)	80 (38.1)	
Markant	242 (34.0)	5 (8.1)	152 (34.6)	85 (40.5)	
Ikke relevant	30 (4.2)	2 (3.2)	17 (3.9)	11 (5.2)	
<b>Påvirkning av evnen til å ta seg av eventuelle barn fra tidligere svangerskap</b>					
Ingen	31 (4.4)	10 (16.1)	16 (3.6)	5 (2.4)	<0.001 <sup>b</sup>
Lett	97 (13.6)	17 (27.4)	67 (15.3)	13 (6.2)	
Markant	223 (31.3)	4 (6.5)	125 (28.5)	94 (44.8)	
Har ikke barn fra før	361 (50.7)	31 (50.0)	231 (52.6)	98 (46.7)	
<b>Redusert arbeidskapasitet på jobb</b>					
Ingen	28 (3.9)	8 (12.9)	20 (4.6)	0 (0.0)	<0.001 <sup>b</sup>
Lett	147 (20.6)	40 (64.5)	95 (21.6)	12 (5.7)	
Markant	496 (69.7)	10 (16.1)	294 (67.0)	191 (91.0)	
Ikke relevant	41 (5.8)	4 (6.5)	30 (6.8)	7 (3.3)	
<b>Føler du deg/har du følt deg nedstemt til sinns som følge av din svangerskapskvalme?</b>					
Aldri	61 (8.6)	18 (29.0)	37 (8.4)	6 (2.9)	<0.001
Sjelden	121 (17.0)	22 (35.5)	82 (18.7)	17 (8.1)	
Deler av tiden	323 (45.4)	19 (30.6)	211 (48.1)	93 (44.3)	
Det meste av tiden	187 (26.3)	3 (4.8)	101 (23.0)	82 (39.0)	
Alltid	20 (2.8)	0 (0.0)	8 (1.8)	12 (5.7)	
<b>Vurderte du noen gang å avslutte svangerskapet som følge av svangerskapskvalmen?<sup>c</sup></b>					
Ja	100 (14.1)	0 (0.0)	44 (10.0)	56 (26.7)	<0.001
Nei	608 (85.5)	62 (100.0)	393 (89.5)	153 (72.9)	
<b>Vurderte du noen gang å ikke få flere barn på grunn av svangerskapskvalme?<sup>c</sup></b>					
Ja	353 (49.6)	6 (9.7)	188 (42.8)	159 (75.7)	<0.001
Nei	333 (46.8)	54 (87.1)	233 (53.1)	46 (21.9)	

\*Chi-kvadrat test P<0.05

a PUQE-score: Mild=3-6, Moderat=7-12, Alvorleg ≥ 13

b «ikke relevant» og «har ikke barn fra før» er ikkje tatt med i berekninga av p-verdi

c Dei som har svart «usikker» er ikkje tatt med i tabellen og i analysane

### Livskvalitet

Livskvalitet er målt ved hjelp av QOLS. Det er sett ein klar samanheng mellom svangerskapskvalme og livskvalitet. Hos dei gravide er det funne ein gjennomsnittsverdi for livskvalitet på 72,0, medan hos småbarnsmødre ein verdi på 80,4 (maks score er 112). Vidare vart det, blant dei gravide som var kvalm når dei svarte på undersøkinga, funne ein livskvalitets-score på 68,1, medan for dei som var gravide, men ikkje lenger kvalm, vart funne ein livskvalitets-score på 79,1.

Av tabell 3 kan ein sjå at det er samanheng mellom alvorlegheitsgrad av kvalme og livskvalitet, med signifikante funn for gruppa *gravide* og hos gruppa som var *gravide og kvalme* når dei svarte på undersøkinga. Tala viser ei gradering i livskvalitet i forhold til alvorlegheitsgrad, der dei med alvorleg kvalme hadde dårlegast livskvalitet.

**Tabell 3** Alvorlegheitsgrad av kvalme og livskvalitet

	Totalt	PUQE <sup>a</sup>			p-verdi*
		Mild	Moderat	Alvorlig	
Gravid (n=447) QOLS	72.0	80.3	72.5	67.2	<0.001
Gravid og kvalm nå (n=284) QOLS	68.1	73.3	67.0	63.6	0.026
Kvalm nå og på sitt verste (n=45) QOLS	66.0	80.4	64.7	63.0	0.195

\*One-way ANOVA test  $P < 0.05$

<sup>a</sup> PUQE-score: Mild=3-6, Moderat=7-12, Alvorleg  $\geq 13$ .

### *Komorbiditet*

Tabell 4 viser oversikt over andre plager kvinnene hadde i svangerskapet. Over 60 % av kvinnene hadde sure oppstøyt, forstopping, hovudpine, smerter i rygg/nakke/bekken og/eller søvnproblem. Det var 23 kvinner (3.2 %) som ikkje hadde nokon andre plager utanom kvalmen. Vidare er det sett assosiasjonar mellom sure oppstøyt/halsbrann og alvorlegheitsgrad av kvalme samt mellom hovudpine og alvorlegheitsgrad av kvalme.

**Tabell 4** Alvorlegheitsgrad av kvalme og svangerskapsplager

	Total n=712 (%)	PUQE <sup>a</sup>			p-verdi*
		Mild n=62 (%)	Moderat n=439 (%)	Alvorlig n=210 (%)	
Sure oppstøyt	458 (64.3)	36 (58.1)	270 (61.5)	151 (71.9)	<b>0.020</b>
Forstoppelse	430 (60.5)	45 (72.6)	267 (60.8)	118 (56.2)	0.066
Forkjølelse	273 (38.4)	25 (40.3)	175 (39.9)	73 (34.8)	0.434
Hodepine	440 (61.9)	29 (46.8)	277 (63.1)	134 (63.8)	<b>0.037</b>
Smerter i rygg/nakke/bekken	468 (65.8)	41 (66.1)	297 (67.7)	130 (61.9)	0.352
Søvnproblemer	450 (63.2)	33 (53.2)	282 (64.2)	134 (63.8)	0.236
Urinveisinfeksjon	113 (15.9)	7 (11.3)	67 (15.3)	39 (18.6)	0.326
Andre infeksjoner	46 (6.5)	5 (8.1)	28 (6.4)	13 (6.2)	0.863

\*Chi-kvadrat test P<0.05

a PUQE-score: Mild=3-6, Moderat=7-12, Alvorleg ≥ 13



## 5.5 Legemiddelbruk

**Tabell 5** Bruk av legemidler og alternative behandlingar (n=712)

	Total n=712 (%)	PUQE <sup>a</sup>		
		Mild n=62 (%)	Moderat n=439 (%)	Alvorlig n=210 (%)
<b>Kvalmestillende*</b>	277 (38.9)	5 (8.1)	131 (29.8)	141 (67.1)
Meklozin (Postafen®)	168 (23.6)	4 (6.5)	75 (17.1)	89 (42.4)
Metoklopramid (Afipran®)	148 (20.8)	0 (0.0)	65 (14.8)	83 (39.5)
Ondansetron (Zofran®)	50 (7.0)	0 (0.0)	13 (3.0)	37 (17.6)
Promethazin (Phenergan®)	47 (6.6)	0 (0.0)	16 (3.6)	31 (14.8)
Proklorperazin (Stemetil®)	29 (4.1)	0 (0.0)	7 (1.6)	22 (10.5)
Klorpromazin (Largactil®)	22 (3.1)	0 (0.0)	4 (0.9)	18 (8.6)
<b>Halsbrann/sure oppstøt*</b>	239 (33.6)	15 (24.2)	137 (31.2)	86 (41.0)
Alginsyre (Gaviscon®)	164 (23.0)	10 (16.1)	87 (19.8)	66 (31.4)
Link®	22 (3.1)	2 (3.2)	12 (2.7)	8 (3.8)
Novulazid®	21 (2.9)	1 (1.6)	14 (3.2)	6 (2.9)
Esomeprazol (Nexium®)	18 (2.5)	1 (1.6)	9 (2.1)	8 (3.8)
Ranitidin (Zantac®)	17 (2.4)	2 (3.2)	9 (2.1)	6 (2.9)
Omeprazol (Losec®)	16 (2.2)	0 (0.0)	10 (2.3)	6 (2.9)
Famotidin (Pepcid® /Pepcidduo®)	14 (2.9)	1 (1.6)	8 (1.8)	5 (2.4)
Pantoprazol (Somac® /Pantoloc®)	11 (1.5)	0 (0.0)	6 (1.4)	5 (2.4)
<b>Vitaminer *</b>	373 (52.4)	13 (21.0)	229 (52.2)	131 (62.4)
Folsyre/Folat	328 (46.1)	12 (19.4)	198 (45.1)	118 (56.2)
Multivitamin	184 (25.8)	6 (9.7)	112 (25.5)	66 (31.4)
Vitamin B12	71 (10.0)	3 (4.8)	44 (10.0)	24 (11.4)
Vitamin B6	69 (9.7)	4 (6.5)	41 (9.3)	24 (11.4)
Vitamin B1	38 (5.3)	2 (3.2)	19 (4.3)	17 (8.1)
Omega 3	27 (3.8)	1 (1.6)	18 (4.1)	8 (3.8)
Vitamin D	19 (2.7)	1 (1.6)	16 (3.6)	2 (1.0)
Jern	13 (1.8)	1 (1.6)	7 (1.6)	5 (2.4)
<b>Alternativ behandling*</b>	384 (53.9)	20 (32.3)	219 (49.9)	145 (69.0)
Ingefær	264 (37.1)	12 (19.4)	155 (35.3)	97 (46.2)
Akupressur (SeaBand)	245 (34.3)	5 (8.1)	136 (31.0)	104 (49.5)
Akupunktur	102 (14.3)	1 (1.6)	50 (11.4)	51 (24.3)
Peppermynnte	42 (5.9)	3 (4.8)	23 (5.2)	16 (7.6)
Bringebærblad	21 (2.9)	0 (0.0)	12 (2.7)	9 (4.3)
Homøopati	15 (2.1)	0 (0.0)	5 (1.1)	10 (4.8)
<b>Sykehusinnleggelse*</b>	108 (15.2)	1 (1.6)	31 (7.1)	76 (36.2)
Rehydrering/væskebehandling	102 (14.3)	1 (1.6)	31 (7.1)	70 (33.3)
Intravenøs ernæring	48 (6.7)	0 (0.0)	11 (2.5)	37 (17.6)
Sondeernæring	6 (0.8)	0 (0.0)	1 (0.2)	5 (2.4)
Glukokortikoider/prednisolon	6 (0.8)	0 (0.0)	1 (0.2)	5 (2.4)

\* Legemidler/behandlingar som er brukt av mindre enn ti kvinner totalt er ikkje tatt med i tabellen.  
a PUQE-score: Mild=3-6, Moderat=7-12, Alvorleg  $\geq$  13

Tabell 5 viser ei oversikt over brukte behandlingar blant kvinnene totalt og for dei ulike gruppene mild, moderat og alvorleg svangerskapskvalme.

### *Kvalmestillande*

Totalt var det 277 (38,9 %) kvinner som hadde brukt kvalmestillande legemidler. Dei fleste av desse kvinnene hadde brukt meklozin og metoklopramid (23,6% og 20,8%). Vidare såg ein assosiasjonar mellom alvorlegheitsgrad av kvalme og tal på legemidler brukt; dei med mild svangerskapskvalme hadde i gjennomsnitt brukt 0,08 legemidler, dei med moderat svangerskapskvalme hadde brukt 0,41 legemidler og dei med alvorleg svangerskapskvalme hadde brukt 1,35 legemidler (one way ANOVA  $p < 0.001$ ). Spreiinga i tal på legemidler brukt var frå 0 til 6. Blant kvinnene i gruppa mild hadde alle som hadde brukt legemidler brukt *eitt* legemiddel. Blant kvinnene med moderat svangerskapskvalme hadde 122 kvinner (27,8 %) brukt 1-2 legemidler, og 9 kvinner (2,1 %) brukt 3-6 legemidler. Blant kvinnene med alvorleg svangerskapskvalme hadde 101 (48,1 %) brukt 1-2 legemidler og 40 (19,0 %) brukt 3-6 legemidler.

Total 168 kvinner hadde brukt *eitt* legemiddel. Det var 78 (46,4 %) av desse som hadde brukt meklozin og 59 (35,1 %) hadde brukt metoklopramid. Påfallende var det at 24 (14,3 %) av kvinnene som berre hadde brukt *eitt* legemiddel hadde brukt eit av følgjande; Promethazin (12 kvinner) ondansetron (8 kvinner), proklorperazin (2 kvinner), klorpromazin (2 kvinner).

På spørsmål blant kvinnene som fekk anbefalt/resept på legemiddel mot kvalme, men som valde å ikkje bruke det (43 kvinner), var hovudårsaka til dette at dei var engsteleg for barnet si helse (83,7 %).

### *Metoklopramid*

Sidan det har vore motstridande anbefalingar i tilknytning til bruk og varigheit av metoklopramid, blei det sett spesifikt på dette legemiddelet. Totalt var det 52 kvinner (34,9 %) som hadde brukt metoklopramid i under ei veke og 83 kvinner (55,7 %) som hadde brukt metoklopramid i ei veke eller meir. Totalt 17 kvinner (11,4 %) hadde brukt metoklopramid i meir enn 12 veker.

### *Legemidler mot halsbrann, bruk av vitaminar og alternative behandlingar*

Det var 239 kvinner (33,6 %) som hadde brukt legemidler mot halsbrann/sure oppstøyt, der Gaviscon® var klart mest nytta i alle gruppene (mild, moderat og alvorleg). Vidare var det 52,4 % som hadde brukt vitaminar i forbindelse med kvalmen, der folsyre og multivitamin var brukt i størst grad. Vitamin B6 blei brukt av totalt 69 kvinner (9,7 %). Det var 384 kvinner

(53,9 %) som hadde brukt alternativ behandling (i størst grad ingefær og akupressur). Akupunktur blei brukt av 102 kvinner (14,3 %), i hovudsak av dei med moderat og alvorleg kvalme.

### *Sjukehusinnlegging*

Totalt var det 15,2 % av kvinnene som var innlagt på sjukehus som følge av svangerskapskvalmen og dei fleste av desse hadde alvorleg svangerskapskvalme. Behandlinga som var mest nytta var rehydrering/væskebehandling.

## **5.6 Faktorar assosiert med behandling og sjukehusinnlegging**

Av tabell 6 kan ein sjå at alvorlegheitsgrad av kvalme er funne å vere assosiert med bruk av kvalmestillande, alternativ behandling og sjukehusinnlegging. Trenden er at jo meir alvorleg svangerskapskvalmen er, i desto større grad vert ulike behandlingsalternativ nytta.

**Tabell 6** Alvorlegheitsgrad av kvalme og behandling/sjukehusinnlegging

	Totalt n=712 <sup>a</sup>	Kvalmestillende n=277 (% av total i rad)	p-verdi*	Alternativ behandling n= 384 (% av total i rad)	p-verdi*	Sykehus- innleggelse n=108 (% av total i rad)	p-verdi*
<b>PUQE<sup>b</sup></b>							
<b>Mild</b>	62 (8.7)	5 (8.1)	<b>&lt;0.001</b>	20 (32.3)	<b>&lt;0.001</b>	1 (1.6)	<b>&lt;0.001</b>
<b>Moderat</b>	439 (61.7)	131 (29,8)		219 (49.9)		31 (7.1)	
<b>Alvorlig</b>	210 (29.5)	141 (67,1)		145 (69.0)		76 (36,2)	

\*Chi-kvadrat test P<0.05

a 1 missing

b PUQE-score: Mild=3-6, Moderat = 7-12, Alvorleg ≥ 13.

Maternale karakteristika i forhold til bruk av kvalmestillande og alternativ behandling samt sjukehusinnlegging er presenterte i tabell 7. Der er funne samanheng mellom bruk av kvalmestillande og utdanning, der dei fleste som hadde brukt kvalmestillande hadde vidaregåande eller bachelorgrad som høgaste fullførte utdanning. Vidare er det også funne samanheng mellom bruk av alternativ behandling og alder, ved at ein finn høgast bruk av alternativ behandling blant dei eldste aldersgruppene. Ein såg også at dei som har barn frå før som i størst grad blei lagt inn på sjukehus grunna svangerskapskvalme.

**Tabell 7** Maternale karakteristika og behandling/sjukehusinnlegging

	Total n=712 (%)	Kvalmestillende n=277 (%)	p-verdi*	Alternativ behandling n=384 (%)	p-verdi*	Sykehus- innleggelse n=108 (%)	p-verdi*
<b>Alder</b>							
Under 25	145 (20.4)	64 (23.1)	0.148	57 (14.8)	<0.001	24 (22.2)	0.082
25-29	273 (38.3)	99 (35.7)		139 (36.2)		36 (33.3)	
30-39	281 (39.5)	109 (39.4)		179 (46.6)		47 (43.5)	
Over 40	13 (1.8)	5 (1.8)		9 (2.3)		1 (0.9)	
<b>Sivilstatus</b>							
Gift/samboer	661 (92.8)	253 (91.3)	0.069	360 (93.8)	0.458	101 (93.5)	0.885
Enslig	16 (2.2)	4 (1.4)		9 (2.3)		3 (2.8)	
I et forhold	34 (4.8)	19 (6.9)		15 (3.9)		4 (3.7)	
Annet	1 (0.1)	1 (0.4)		0 (0.0)		0 (0.0)	
<b>Paritet</b>							
Ingen barn fra før	382 (53.7)	137 (49.8)	0.084	196 (52.2)	0.117	36 (34.0)	<0.001
Ett eller flere barn fra før	327 (45.9)	138 (50.2)		187 (48.8)		70 (66.0)	
<b>Utdanning</b>							
Grunnskole eller mindre	29 (4.1)	10 (3.6)	0.017	16 (4.2)	0.454	7 (6.5)	0.072
Videregående skole	191 (26.8)	87 (31.4)		93 (24.2)		34 (31.5)	
Bachelorgrad	292 (41.0)	117 (42.2)		163 (42.4)		48 (44.4)	
Mastergrad	170 (23.9)	49 (17.7)		93 (24.2)		15 (13.9)	
Annen utdanning	30 (4.2)	14 (5.1)		19 (4.9)		4 (3.7)	
<b>Arbeid</b>							
Student	57 (8.0)	28 (10.1)	0.309	23 (6.0)	0.129	8 (7.4)	0.849
Yrkesaktiv	570 (80.1)	220 (79.4)		314 (81.8)		86 (79.6)	
Hjemmeværende	53 (7.4)	17 (6.1)		27 (7.0)		10 (9.3)	
Annet	32 (4.5)	12 (4.3)		20 (5.2)		4 (3.7)	
<b>Bruk av folsyre</b>							
Før svangerskapet	141 (19.8)	45 (16.2)	0.118	81 (21.1)	0.127	21 (19.4)	0.508
I svangerskapet	342 (48.0)	139 (50.2)		171 (44.5)		47 (43.5)	
Før og i svangerskapet	191 (26.8)	73 (26.4)		114 (29.7)		31 (28.7)	
Nei	37 (5.2)	19 (6.9)		17 (4.4)		9 (8.3)	
Husker ikke	1 (0.1)	1 (0.4)		1 (0.3)		0 (0.0)	
<b>Multiparitet</b>							
Ja	13 (1.8)	5 (1.8)	0.516 <sup>b</sup>	6 (1.6)	0.339 <sup>b</sup>	1 (0.9)	0.319 <sup>b</sup>
Nei	590 (82.9)	248 (90.2)		329 (85.9)		102 (96.2)	
Vet ikke	106 (14.9)	22 (8.0)		48 (12.5)		3 (2.8)	
<b>Body Mass Index (BMI)<sup>a</sup></b>							
Undervekt	33 (4.6)	16 (5.8)	0.583	16 (4.2)	0.335	7 (6.5)	0.077
Normalvekt	421 (59.1)	158 (57.0)		217 (56.7)		52 (48.1)	
Overvekt	139 (19.5)	54 (19.5)		81 (21.1)		28 (25.9)	
Fedme	118 (16.6)	49 (17.7)		69 (18.0)		21 (19.4)	
<b>Røyking</b>							
Nei	684 (96.1)	262 (94.6)	0.270	369 (96.1)	0.747	102 (94.4)	0.466
Dagligrøykere	2 (0.3)	1 (0.4)		1 (0.3)		1 (0.9)	
Røykere	25 (3.5)	14 (5.1)		14 (3.6)		5 (4.6)	
Husker ikke	1 (0.1)	0 (0.0)		0 (0.0)		0 (0.0)	


\*Chi-kvadrat test P&lt;0.05

a Grenseverdier for BMI fastsatt av verdens helseorganisasjon (WHO). Undervektig = ≤18.4 Normalvektig = 18.5-24.9 Overvektig = 25.0-29.9 Fedme = ≥ 30

b p-verdi er rekna ut ved å sette "vet ikke" som missing.

## 5.7 Imøtekommenhet blant helsepersonell

Figur 7 viser ein oversikt over i kva grad kvinnene opplevde imøtekommenhet ovanfor fastlege, jordmor, apotek/farmasøyt og alternativ behandlar. Når det gjeld alle desse aktørane svarte dei fleste kvinnene at dei blei møtt på ein veldig imøtekomande måte. På den andre sida ser ein at 10 % meinte legen ikkje var imøtekomande og 15 % meinte at apotek/farmasøyt ikkje var imøtekomande.



**Figur 7** Imøtekommenhet blant helsepersonell

\*Dei som har svart «ikkje relevant» er ikkje tatt med i analysane, n er derfor ikkje 712

### Skildring av imøtekommenhet

Det er også blitt sett på kvinnene sine eigne skildringar av korleis dei vart møtt av ulike aktørar i helsevesenet. I møte med lege og jordmor fortalte kvinnene som ikkje var blitt møtt med imøtekommenhet, at dei ikkje følte seg forstått og ikkje blei teke på alvor samt at kvalmen vart normalisert og bagatellisert. Kvinnene som derimot var blitt møtt med imøtekommenhet hadde fått forståing og empati. Dei følte også at kvalmen og korleis dei hadde det blei teke på alvor. Kvinnene rapporterte også at dei opplevde varierende kunnskap og haldningar blant legane i forhold til det å skulle behandle med legemiddel eller ikkje. Vidare er nokre direkte sitat tatt med i beskrivinga av imøtekommenhet hos lege og jordmor.

#### Møte med lege:

- *Ble oversett med holdningen at det går over og at det ikke er noe å gjøre med*
- *Leger sa at denne kvalmen var vanlig. Først etter vektnedgangen og konstant kvalme til uke 15 skjønte de litt og jeg fikk medisin. Etter det var de litt mer forståelsesfulle.*
- *lite interessert. lite engasjert. lite oppfølging. normaliserer alt, ingen kunnskap om bruk av medisiner i svangerskapet.*
- *Noe reservert til bruk av medisiner men mye forslag til tiltak*
- *Han har vært snill og forståelsesfull men ville ikke gi meg noe mot kvalme da det ikke var bra i følge ham*
- *Full forståelse, mye empati. 100% sykmelding*
- *Føler at jeg får behandling utifra hva legen kan. Der var stor forståelse for at dette ikke er noe bra men føler mange leger mangler kunnskap*
- *Forklarte hvorfor man blir kvalm, og hva som eventuelt kunne gjøres mot det*
- *Fikk informasjon om forskjellige måter å håndtere kvalmen på. Fikk resept på kvalmelindrende, men valgte selv om ikke bruke det.*

#### Møte med jordmor:

- *Kom med standard-råd. Noe som kan virke provoserende når man er så dårlig. Ingefær og tørre kjeks har null effekt på HG.*
- *Lite forståelse siden jeg ikke kastet opp. Jeg var uansett ekstremt kvalm.*
- *jordmor var dyktig og god, men følte hun ikke tok mine plager på alvor og avdramatiserte det hele.*
- *Litt delt med tanke på forståelse. Flere ganger fått beskjed om at slik er det bare, og at man bør komme seg opp av sengen for å gå tur, noe som er nesten praktisk umulig i en slik tilstand*
- *Gull. Forståelsesfull, imøtekommende, ivaretok psyken min, tilbød henvisning videre om det skulle oppstå behov*
- *ekstremt forståelses full. Hun fikk meg gjennom svangerskapet*


Det var også store variasjonar i korleis kvinnene blei møtt av apotek/farmasøyt. Fleire kvinner fortalde at dei ikkje vart anbefalt å bruke legemidlar mot kvalme sjølv med resept frå lege. Andre fortalde at dei fekk mange gode «tips og triks» samt anbefalingar om alternative behandlingar som ingefær og SeaBand. Dette var det nokon kvinner som meinte var positivt, medan andre kvinner meinte at dette var provoserande då dei var så dårlege og hadde prøvd alt allereie. Kvinnene gav utrykk for store skilnadar i forhold til kunnskap hos farmasøytane i samband med bruk av legemidlar i svangerskapet. Nokre sitat er tatt med i skildring av møte med apotek/farmasøyt.

Møte med apotek/farmasøyt:

- *Fungerte som butikkpersonale, så forventer ikke noe spesielt derfra*
- *Usikker vedrørende bruk av postafen. Stiller meg som pasient/kunde i en situasjon som får meg til å føle meg usikker*
- *komenterte at jeg ikke burde bruke medisiner i svangerskapet(noe som ga meg dårlig samvittighet ovenfor det ufødte barnet), var ellers behjelpelig*
- *De er veldig behjelpelige med tips og triks*
- *Det var nok velmenende råd om alternative behandlinger som kjeks og ingefær som ble gitt når jeg hentet ut kvalmestillende, men samtidig følte jeg at jeg ville slå dem i hodet med en stol pga kommentarene. Jeg hadde tross alt ikke fått medisiner hvis alternative ting hjalp på kvalmen!*
- *Glad de var tydelige i forhold til ny forskning på bivirkninger av kvalmedempende medisiner.*
- *Fikk mye god info og hjelp om alternativ behandling*

Kvinnene blei spurt om i kva grad dei hadde høyrd diverse påstandar frå helsepersonell. Figur 8 viser ein oversikt over dette. Det var eit stort spenn i kva kvinnene hadde opplevd. Sitatet «Kvalme er en naturlig del av svangerskapet» hadde 57 % av kvinnene høyrd ofte eller svært ofte, medan «Du må bare holde ut, kvalmen går over av seg selv» hadde 45 % av kvinnene høyrd ofte eller svært ofte. Vidare var det om lag 40 % som ofte eller svært ofte hadde høyrd sitatet «Kvalme er ikke farlig», medan også 40 % aldri eller sjeldan hadde høyrd dette.

«Ta deg sammen» hadde dei fleste kvinnene aldri eller sjeldan høyrd, men samstundes var det 9 % som faktisk hadde fått høyre dette frå helsepersonell. Sitatet «Du må holde deg i form» hadde 63 % av kvinnene aldri eller sjeldan høyrd, medan 18 % hadde høyrd dette ofte eller svært ofte. Vidare hadde dei fleste kvinnene sjeldan eller aldri høyrd «Du bør ikke bruke medisiner mot kvalme», men samstundes hadde nærmare 20 % høyrd dette frå helsepersonell nokon gongar, ofte eller svært ofte. Sitatet «Jeg skjønner godt at du har det vanskelig» var det 42 % som aldri eller sjeldan hadde fått høyre frå helsepersonell.



**Figur 8** I kva grad gravide/småbarnsmødre med svangerskapskvalme har høyrd ulike påstandar frå helsepersonell



Når kvinnene blei spurt om dei følte at svangerskapskvalmen vart optimalt behandla, var det stort spenn i kva kvinnene svarte. Totalt var det 35,5 % av kvinnene som *ikkje* følte at kvalmen var blitt optimalt behandla, medan 24,7 % av kvinnene følte at kvalmen *var* blitt optimalt behandla. Dei resterande 39,7 % var usikre.

## 5.8 Sjukemelding

Blant dei 712 kvinnene hadde 60 % vore sjukemeldt som følgje av svangerskapskvalmen (tabell 8). Av alle som var sjukemeldt var det 2 % som hadde mild svangerskapskvalme, 56,3 % hadde moderat svangerskapskvalme og 41,6 % hadde alvorleg svangerskapskvalme. Den som hadde tatt initiativ til sjukemeldinga var i størst grad legen eller kvinna sjølv. Vidare var det 62,1 % av kvinnene som blei sjukemeldt *før* behandling, medan 21,3 % fekk sjukemelding og behandling *samtidig*. Blant dei som hadde vore sjukemeldt som følgje av svangerskapskvalmen var det 52,1 % som hadde brukt kvalmestillande.

**Tabell 8** Sjukemelding grunna svangerskapskvalme


	n (%)
<b>Sjukemeldt (n=712)</b>	
Ja	428 (60.1)
Nei	221 (31.0)
Ikke relevant	63 (8.8)
<b>Fulltid eller gradert (n=428)</b>	
Fulltid sjukemelding	249 (58.2)
Gradert sjukemelding	64 (15.0)
Begge deler	115 (26.9)
<b>Initiativ til sjukemelding (n=428)</b>	
Legen	211 (49.3)
Meg selv	196 (45.8)
Andre	17 (4.0)
Husker ikke	4 (0.9)
<b>Behandling og sjukemelding (n=428)</b>	
Sjukemelding før behandling	266 (62.1)
Behandling før sjukemelding	37 (8.6)
Sjukemelding og behandling samtidig	91 (21.3)
Husker ikke	34 (7.9)

## 5.9 Haldningar

Kvinnene sine haldningar til bruk av legemidlar i svangerskapet er presenterte i figur 9. Totalt 30 % av kvinnene sa seg einig eller svært einig i at «dersom jeg er syk og kan få legemidler, mener jeg det er bedre for fosteret at jeg blir behandlet med legemidler enn at jeg går ubehandlet», medan 26 % var ueinig eller svært ueinig i dette. Sitatet «gravide bør heller bruke urtemedisiner enn vanlige legemidler» sa 53 % seg ueinig eller svært ueinig i, medan

10 % var einig eller svært einig i dette. Vidare var 80 % einige eller svært einige i sitatet «jeg var engstelig for hvordan legemidlene mot kvalme påvirket barnet i magen».

Når det gjeld påstandane om kunnskap hos legen, var det varierende kva kvinnene meinte (sitat 4, 5 og 6). I forhold til legen sine kunnskarar om livsstils- og kosthaldsendringar, sa 40 % av kvinnene seg ueinig eller svært ueinig i påstanden om at legen hadde god kunnskap. Når det gjaldt legen sine kunnskarar om legemiddelbruk i svangerskapet var 40 % einig eller svært einig i påstanden om at legen hadde god kunnskap, medan 29 % var ueinig eller svært ueinig i dette. I forhold til alternative behandlingsmetodar, var over 50 % ueinig eller svært ueinig i påstanden om at legen hadde god kunnskap. Vidare når det gjaldt sitatet «selv om jeg var kvalm i svangerskapet valgte jeg å avstå fra å bruke legemidler mot kvalme for sikkerhetsskyld» var det 53 % av kvinnene som var einig eller svært einige i dette.




**Figur 9** Haldningar blant gravide og småbarnsmødre

\*Dei som har svart "Gjelder ikke for meg" er ikkje tatt med i analysane, n er derfor ikkje 712


## 5.10 Risikovurdering

Figur 10 viser at totalt 25,5 % av kvinnene estimerte riktig på at den generelle risikoen for å få eit barn med alvorleg fosterskade hos friske gravide i sunne omgivningar er 2-3 %. Det var 30 kvinner (4.2 %) som trudde risikoen var 10 % eller over. Totalt var det 34 % av kvinnene som estimerte risikoen til å vere 1 %, medan 14 % estimerte risikoen til å vere mindre enn 1 %.



**Figur 10** Vurdering av risiko for å få eit barn med alvorleg fosterskade (n=712)

Figur 11 viser medianen av risikoestimatane gjort av kvinnene for kvar enkelt eksponering, medan tabell 9 også viser gjennomsnittet. Risikoen blei estimert å vere høgast for alkohol, røyk og thalidomid. For metoklopramid, ondansetron og meklozin er medianen for risikoen estimert til 3 og 4 . Folsyre, reseptfrie legemiddel mot halsbrann samt ingefær blir estimert å ha lågast risiko.



**Figur 11** Vurdering av risiko ved bruk av legemidler, rusmidlar og andre stoffer er i svangerskapet

Vurdering av risiko er bestemt på ein skala frå 1 («ikkje skadeleg for fosteret») til 10 («svært skadeleg for fosteret»)

Figuren viser medianen av risikoestimatane gjort av kvinnene for kvar enkelt eksponering.

\*Dei som har svart «vet ikke» er ikkje tatt med i analysane

**Tabell 9** Gjennomsnitt og median for vurdering av risiko ved bruk av legemidler, rusmidlar og andre stoff i svangerskapet

	Risikovurdering <sup>a</sup>	
	Gj.snitt (95 % CI)	Median (25 %, 75 %)
Alkohol i 1.trimester (n=703*)	9.12 (8.73,9.52)	10.00 (9.00,10.00)
Røyking (n=706*)	9.38 (9.08, 9.67)	10.00 (9.75,10.00)
Thalidomid (n=163*)	8.43 (7.91, 8.96)	10.00 (9.00,10.00)
Ibuprofen i 3.trimester (n=672*)	7.40 (6.87,7.93)	8.00 (6.00,10.00)
Penicilliner (n=520*)	5.11 (4.42, 5.81)	5.00 (3.00,7.00)
Metoklopramid (n=354*)	4.94 (4.33,5.56)	4.00 (2.00,5.00)
Ondansetron (n=226*)	4.93 (4.34,5.52)	4.00 (2.00,6.00)
Vaksine mot influensa (n=482*)	4.57 (3.93,5.20)	4.00 (2.00,7.00)
Meklozin (n=391*)	4.07 (3.48,4.66)	3.00 (2.00,5.00)
Paracetamol (n=693*)	2.87 (2.40,3.33)	2.00 (1.00,4.00)
Folsyre/folat (n=698*)	1.27 (1.01,1.53)	1.00 (1.00,1.00)
Reseptfri legemidler mot halsbrann (n=568*)	2.77 (2.26,3.27)	1.00 (1.00,3.00)
Ingefær (n=648*)	2.16 (1.75,2.56)	1.00 (1.00,2.00)

\*Dei som har svart "vet ikke" er ikkje tatt med i analysane, n er derfor ikkje 712

a Vurdering av risiko er bestemt på ein skala frå 1 («ikkje skadeleg for fosteret») til 10 («svært skadeleg for fosteret»)

Det er også sett assosiasjonar mellom kvinna si bruk av legemidler og andre stoff og hennar vurdering av risiko for det gjeldande legemiddelet/stoffet (tabell 10): kvinner som røykte i svangerskapet estimerte ein signifikant lågare risikoscore for røyking i svangerskapet samanlikna med dei kvinnene som ikkje røykte. Kvinner som brukte legemiddel mot kvalme i svangerskapet, estimerte ein signifikant lågare risiko for bruk av dei respektive legemiddela samanlikna med dei som ikkje brukte legemiddel mot kvalme. Det same gjaldt for bruk av legemidler mot halsbrann. For ingefær såg ein same tendens, men assosiasjonen var ikkje signifikant.

**Tabell 10** Vurdering av risiko hos brukarar og ikkje-brukarar

	Risikovurdering (gjennomsnitt) <sup>a</sup>		
	Ikkje-brukar	Brukar	p-verdi <sup>b</sup>
Røyk	9.43	Røykte fast 5.5 Røykte av og til 7.84	<0.001
Metoklopramid	4.66	3.51	<0.001
Meklozin	3.83	3.19	0.008
Ondansetron	4.53	3.52	0.023
Legemiddel mot halsbrann	2.54	1.76	<0.001
Ingefær	1.72	1.62	0.416
Folsyre/folat	1.14	1.30	0.082

\*Dei som har svart "vet ikke" er ikkje tatt med i analysane

a Vurdering av risiko er bestemt på ein skala frå 1 («ikkje skadeleg for fosteret») til 10 («svært skadeleg for fosteret»)

b One-way ANOVA test P<0.05

## 6 DISKUSJON

### 6.1 Diskusjon av metode

#### *Spørjeundersøking på nett*

Spørjeundersøking på internett blei vald som metode for dette forskingsprosjektet. I Noreg har 96 % av befolkninga tilgang til internett (2014) og for mange er internett også blitt ei primærkjelde for informasjon om ei rekke helseproblem samt eit middel for alminneleg kommunikasjon (110, 111, 120). Vi ynskte å nå eit stort tal på gravide i heile landet, noko internett gav oss moglegheit til. Det er sett at 97 % i alderen 16 - 44 nyttar internett dagleg og internett verkar derfor som eit passande verktøy for å nå nettopp denne aldersgruppa (110). Sidan ein når breitt med internett, blir også sampling bias redusert (104, 121).

I enkelte befolkningsgrupper er det sett like stor responsrate ved bruk av internett som ved bruk av papir-baserte undersøkingar (109). «Snart-Gravid» er ei prospektiv kohortstudie frå 2007 som blei utført blant danske kvinner som planla å bli gravide. I denne studien ynskja ein å sjå på kor gjennomførbar ei internettbasert studie var og å sjå på kostnadseffekten ved bruk av internettbasert rekruttering og oppfølging. Studien fann at bruk av internett for rekruttering og oppfølging over tid verkar for å vere eit lovande alternativ. Vidare såg ein at internettbaserte studiar kosta halvparten så mykje som ikkje-internettbaserte undersøkingar, der dei fleste av kostnadane var relatert til produksjon og distribusjon av spørjeskjemaet. Rekrutteringsraten for «Snart-Gravid»-studien var høg og stabil over tid (88.5 % etter 6 månader og 76,1 % etter 1 år) og der var lite kostnadar på rekruttering (10 %) (120). Ein kan trekke parallellar frå denne studien til Noreg, då Danmark og Noreg er nokså like samfunn og internett-tilgangen om lag like stor (110, 122).

Ein annan fordel med bruk av internettbaserte undersøkingar i forhold til dei tradisjonelle metodane som intervju eller undersøking i papirform, er at datakvaliteten er forbetra då ein har valideringskontrollar undervegs når respondenten gjennomfører undersøkinga og at ein automatisk kan utelate dei som ikkje innfrir kriteriane. I tillegg unngår ein feil ved dataregistrering og koding. Ein får også informasjonen raskare formidla ved bruk av internett samanlikna med undersøkingar i papirform (109). Det har vore uro knytt til validiteten av innsamla data ved bruk av internett, då det er forventa at respondenten vil lese raskare og ikkje skrolle ned til alle spørsmåla eller svaralternativa (109, 120). For å unngå denne

problemstillinga vart det lagt inn innstillingar som gjorde at respondenten måtte svare på alt før ein kunne gå vidare til neste side. Ein annan fordel med bruk av internett *kan* vere at terskelen gjerne er lågare for å delta, då ein kan sitte heime å svare og undersøkinga er anonym.

### *Gjennomføringsrate*

I denne studien blei ”responsraten” kalkulert ved å dele tal på deltakarar som gjennomførte heile studien på deltakarar som innfridde inklusjonskriteriane og som sa ”ja” på samtykkeerklæringa. I følgje Eysenbach blir dette kalla *completion rate* (123). I ei internettundersøking er det fleire potensielle metodar for å rekne ut responsrate. Internett har ofte låg responsrate (dersom ein brukar besøkande som nemnar) (123). I EMESIS-studien fekk alle dei som klikka på linken til undersøkinga status ”distribuert” (besøkande), dvs. før dei hadde lese infoskrivet. Risikoen for at mange av desse kvinnene ikkje innfridde kriteriane, og av den årsak ikkje kunne delta, var dermed stor. Vi valde derfor å ikkje å bruke tal på distribuerte som nemnar. I ettertid ser ein at det hadde vore ein fordel å ha sjøve spørjeundersøkinga som eit eige vedlegg (link), slik at potensielle deltakarar først kunne lest informasjon om studien med inklusjonskriteriar osv., for så å klikke på linken dersom dei ynskte å delta og dermed få status ”distribuert”.

Det vart valt å berre ta med dei som fullførte heile spørjeundersøkinga, sidan spørsmål om maternale karakteristika var på slutten. I ettertid ser ein at dette kanskje var uheldig, då ein hadde hatt moglegheit til å ta med fleire av respondentane og dermed få eit større analysemateriale dersom maternale karakteristika hadde vore lagt inn tidleg i undersøkinga.

### *Recall bias*

I alle tilfelle kor deltakar i ei undersøking svarar retrospektivt vil det vere ei viss fare for recall bias. Koren et al. har sett på recall bias hos kvinner med svangerskapskvalme, og fann at kvinnene rapporterte om meir alvorlege symptom når dei tenkte tilbake i tid, enn det dei svarte originalt (124). For å minske risikoen for recall bias blei det i denne studien valt å sette ei grense i forhold til alder på barnet til småbarnsmødrene som ynskte å delta. Inklusjonskriteriet når det gjaldt småbarnsmødrer var derfor barn under 1 år.

## 6.2 Diskusjon av resultat

### 6.2.1 Studiepopulasjonen

#### *Samanlikning med generell fødepopulasjon*

Deltakarane i EMESIS-studien var nokså lik den generelle fødepopulasjonen, men dei var noko «sunnare» ved at dei røykte i mindre grad og brukte folsyre i større grad. Ei årsak til dette kan kanskje vere at auka bevisstheit og interesse for kosthold og livsstil også gjer at ein er meir søkande på internett og kanskje også har større interesse i å delta på slike undersøkingar. Respondentane i EMESIS-studien var også noko yngre og hadde høgare utdanning enn den generelle fødepopulasjonen. At deltakarar i forskning har høgare utdanning er noko som ofte går igjen i alle typar studiar, blant anna er det sett i andre internettbaserte undersøkingar utført i Noreg (104, 121). Kanskje vil kvinnene med høgare utdanning i større grad sjå viktigheita av å delta i forskning? I denne studien kan det kanskje også ha samanheng med at undersøkinga er på internett då det er sett at internettbruken er størst hos dei med høgare utdanning (110). At studiedeltakarane er yngre kan blant anna ha samanheng med at unge og fyrstegongsfødande i større grad får svangerskapskvalme (12).

Forutan om dette ser kvinnene ut til å vere tilnærma lik den generelle fødepopulasjonen, og tyngdepunktet i forhold til dei ulike faktorane ser ut til å vere likt i begge gruppene. Med atterhald om dei nemnde ulikheiter, kan ein seie at funna i EMESIS-studien er representativt for den generelle fødepopulasjonen i Noreg.

### 6.2.2 Kvalmeforløp og alvorlegheitsgrad

Kvalmen starta hos dei fleste kvinnene i veke 6, medan det var varierende når kvalmen slutta for respondentane. Hos 27 % slutta kvalmen i veke 16 eller før, medan for 21 % slutta kvalmen etter veke 20. Dette stemmer godt overeins med det som blir rekna som normalt i litteraturen. Andre studiar viser at svangerskapskvalme som oftast opptrer mellom veke 6 og 12, men at det også kan fortsette til veke 20, og for opptil 20 % også etter veke 20 (4). Dei fleste kvinnene hadde moderat eller alvorleg svangerskapskvalme. I tillegg hadde 27 % fått diagnosen HG. Ei mogleg årsak til at respondentane i denne studien er så dårlige kan vere at desse kvinnene har større motivasjon for å delta enn dei som har hatt mild svangerskapskvalme og at denne gruppa mest sannsynleg også har «meir på hjartet» - dvs. eit sterkare ynskje om å få fortalt si historie og å kunne få vere med på å bidra i slik forskning. I



tillegg vil dei som er veldig kvalme gjerne i større grad vere søkande på nett og dermed komme over denne studien.

### **6.2.3 Svangerskapskvalme og konsekvensar**

#### *Livskvalitet og påverknad på kvardag*

Tala frå denne studien viser at svangerskapskvalme har stor innverknad på livskvaliteten hos kvinnene. Det vart funne ein gjennomsnittsverdi for livskvalitet på 68.1 blant kvinnene som var *gravide og kvalme* på det tidspunktet dei svarte på undersøkinga (n=284). Andre studiar viser også at svangerskapskvalme i stor grad påverkar livskvalitet (7, 39). Gjennomsnittsverdi for livskvalitet hos den generelle norske populasjonen er 84.1 (115). Det kan vere vanskeleg å samanlikna desse tala direkte med kvinner som opplever svangerskapskvalme, då ein har sett at graviditet i seg sjølv kan påverke livskvalitet i negativ retning (39). Sjølv om dette er tilfellet, viser denne studien ei tydeleg gradering i livskvaliteten i høve til alvorlegheitsgrad av kvalme, dette ved at jo dårlegare den gravide kvinna var, jo dårlegare var livskvaliteten. Dette er også sett i andre studiar, blant anna ein studie av Lacasse et al. frå 2008 der ein såg at blant kvinner som hadde svangerskapskvalme, så var alvorlegheitsgrad og intensitet av kvalmesymptom assosiert med dårlegare livskvalitet (7).

Hos dei fleste kvinnene vart kvardagen i stor grad påverka av svangerskapskvalmen på ein negativ måte - med assosiasjon til alvorlegheitsgrad av kvalme. Hemming i dagleg aktivitet, redusert sosial omgang, redusert arbeidskapasitet på jobb var faktorar som i størst grad blei påverka, men også forholdet til partner og evna til å ta seg av eventuelle andre barn vart påverka hos dei fleste kvinnene. Dette samsvarar godt med ei rekke andre studiar, som rapporterer at svangerskapskvalme kan stå til hinder for alle sider av kvinna sitt liv. Kvinner med svangerskapskvalme finn det ofte umogleg å ivareta kvardag og sosialt liv (9, 39).

Svangerskapskvalmen hadde også påverknad på kvinna si mentale helse, då ein såg at svangerskapskvalme førte til nedstemthet blant over 70 % av kvinnene, anten delar av tida eller det meste av tida. Vidare såg ein at kjensla av nedstemthet i større grad vart påverka jo meir alvorlege symptoma var. Ein studie av Mazzotta et al. fann at *alvorlege symptom* i størst grad kunne assosierast med blant anna depresjon (8), medan ein studie av Kramer et al. fann at *både moderat og alvorleg svangerskapskvalme* kunne assosierast med depresjon (125).

Blant respondentane var det 14 % som hadde vurderte å avslutte svangerskapet som følge av kvalmen og nærmare halvparten av kvinnene vurderte å ikkje få fleire barn på grunn av kvalmen. Det vart vidare funne assosiasjon til alvorlegheitsgrad av kvalme ved at dei med alvorleg kvalme i størst grad gjorde slike vurderingar. Andre studiar har også vist at alvorlege symptom i størst grad førte til vurdering av abort (8, 13), medan ei anna fann at enkelte kvinner med HG frykta framtidige svangerskap, medan andre valde å ikkje få fleire barn grunna kvalmen (14).

Funna i denne studien viser at det ikkje berre er det fysiske med svangerskapskvalme som gir ubehag, men at kvalmen har mange følgjer ut over dette. Dette vil vere viktig for helsepersonell å ta med i vurderinga av eventuell behandling. Funna understrekar også behovet for individuelt tilpassa behandling, då ein ser at også hos dei med mindre alvorlege symptom, vert faktorar i livet påverka på ein negativ måte. Det vil derfor vere viktig å ikkje berre vurdere alvorlegheitsgrad, men også å vurdere i kva grad dette går ut over livskvalitet, kvardag og mental helse. Ulike kvinner med same alvorlegheitsgrad av kvalme vil nok oppleve og takle tilstanden ulikt. Kunnskap hos helsepersonell om dei moglege konsekvensane av svangerskapskvalme vil vere viktig.

### *Komorbiditet*

Mange av kvinnene hadde også andre plager i tillegg til svangerskapskvalmen. Over 60 % hadde sure oppstøyt, forstopping, hovudpine smerter i rygg/nakke/bekken og/eller søvnproblem. Det vart funne assosiasjon mellom alvorlegheitsgrad av kvalme og sure oppstøyt, som stemmer godt overeins med tidlegare studiar (53, 54). Vidare vart det også funne assosiasjon mellom alvorlegheitsgrad av kvalme og hovudpine, der dei med moderat og alvorleg kvalme såg ut til å vere mest plaga med hovudpine. Ei forklaring på dette kan vere at kvinnene med moderat og alvorleg svangerskapskvalme kastar opp i større grad og dermed også er meir dehydrert enn kvinnene med mild kvalme. Det vil vere viktig at helsepersonell dannar seg eit komplett bilete i vurderinga av gravide kvinner og korleis hjelpe dei best mogleg, spesielt sidan ein ser at enkelte av desse plagene *kan* henge saman. Det er til dømes sett at behandling av sure oppstøyt/halsbrann også kan hjelpe på kvalmen (54).

#### 6.2.4 Legemiddelbruk

##### *Kvalmestillande*

Det var totalt 39 % av kvinnene som hadde brukt kvalmestillande, der dei fleste hadde brukt antihistaminer. Ein studie utført i Noreg i 2001 fann at 6 % av kvinnene som var kvalme i svangerskapet hadde brukt antihistaminer (126). Det høge talet funne i denne studien understrekar gjerne at desse kvinnene har vore dårlegare enn gjennomsnittet. Det var meklozin og metoklopramid som var mest brukt, i størst grad meklozin. Dette stemmer i utgangspunktet godt overeins med det som blir anbefalt i Noreg; antihistaminer er fyrstevalet medan metoklopramid er andrevalet (3, 11). Det var sett ein signifikant samanheng mellom bruk av kvalmestillande og alvorlegheitsgrad av kvalme, med 8,1 %, 29,8 % og 87,1 % av kvinnene i dei respektive gruppene mild, moderat og alvorleg som hadde brukt kvalmestillande.

Vidare var det også signifikant forskjell mellom dei ulike gruppene alvorlegheitsgrad i forhold til tal på brukte kvalmestillande legemidlar, med 0,08, 0,41, og 1,35 legemidlar i dei respektive gruppene mild, moderat, alvorleg. Dei fleste kvinnene hadde brukt 1-2 kvalmestillande legemidlar, medan det var 2 % av kvinnene med moderat svangerskapskvalme og 19 % av kvinnene med alvorleg svangerskapskvalme som hadde brukt 3 eller fleire legemidlar.

Det var totalt 168 kvinner som hadde brukt *eitt* kvalmestillande legemiddel, blant desse var det 78 kvinner (46 %) som hadde brukt meklozin. Dette kan tyde på at retningslinjene, der meklozin er fyrstevalet, i mange tilfelle ikkje har blitt følgt. Ei mogleg forklaring på dette kan vere at enkelte av kvinnene har vore gjennom eit svangerskap med kvalme før og av den årsak har erfaringar i forhold til behandling, og dermed fekk det legemiddelet som fungerte sist (som kanskje ikkje var antihistaminer i alle tilfeller).

##### *Annan behandling*

Kvinnene i EMESIS-studien hadde også brukt ei rekke andre behandlingar. Når det gjaldt halsbrann, var det Gaviscon® som var mest brukt. Dette stemmer godt overeins med at det i Noreg ofte blir anbefalt alginsyre hos gravide anten som fyrsteval ved medikamentell behandling, eller i tilfelle der antacida ikkje har gjeve ynskja effekt (127). Det er sett både i denne og andre studiar at kvinner som opplever halsbrann og/eller sure oppstøyt oppleve auka alvorlegheitsgrad av svangerskapskvalme. Derfor kan behandling av halsbrann vere gunstig i

forhold til kvalme og oppkast (53, 54). Av kvinnene som hadde brukte legemiddel mot halsbrann /sure oppstøyt var det 76 kvinner (32 %) som hadde brukt histamin 2 blokkarar eller protonpumpe-hemmarar. Behandling med histamin 2 blokkarar eller protonpumpe-hemmarar har vist seg å vere trygt å bruke ved graviditet (55-57). Anbefaling i høve til behandling av halsbrann/sure oppstøyt ved svangerskapskvalme står også nemnd i Veiledaren som ei moderat anbefaling (11). Over 50 % av kvinnene hadde brukt vitaminar i samband med kvalmen - i størst grad folsyre og multivitaminar. Vidare såg ein at 54 % av kvinnene hadde nytta alternative behandlingar mot kvalme – i størst grad ingefær og akupressur. Når det gjaldt alternativ behandling såg ein assosiasjonar til alvorlegheitsgrad av kvalme.

### *Metoklopramid*

Det vart sett spesifikt på bruken av metoklopramid då det er ulike anbefalingar hos CHMP (europeiske legemiddelkontorets vitenskapelige komité) og FDA i forhold til bruk; CHMP anbefala maks 5 dagar og FDA anbefala maks 12 veker (90, 128). Begge desse anbefalingane står nemnd i Veiledaren for fødselshjelp i Noreg (11). Totalt var det 35 % som hadde brukt metoklopramid i under ei veke og 56 % hadde brukt metoklopramid i ei veke eller meir, medan 11 % hadde brukt metoklopramid i meir enn 12 veker.

Metoklopramid blir i hovudsak brukt til å behandle eller hindre kvalme og oppkast i forbindelse med cellegiftbehandling, strålebehandling, operasjonar eller migreaneanfall (90). I Noreg er det som nemnd også andrevalet for behandling av svangerskapskvalme (3,11). I 2013 kom CHMP med anbefalingar om bruksendring av metoklopramid for EU-land, som inkluderte lågare dose og lågare behandlingsvarighet (90, 128). Dette var for å redusere risikoen for potensielle alvorlege neurologiske biverknader på hjerne og nervesystem. Det vart utført gjennomgangsstudiar som bekrefta neurologiske biverknader som kortvarige ekstrapyramidale lidningar, muskelspasmer og tardive dyskinesier. Risiko for slike akutte neurologiske biverknader er størst hos barn, og vil forsvinne ved seponering av legemiddelet. Tardive dyskinesier er derimot ofte irreversible og er i størst grad blitt rapportert hos eldre. Risikoen for tardive dyskinesier aukar ved høge dosar eller ved langtidsbehandling (90, 91(129)).

Sjølv om det ser ut til at det er barn og eldre som har høgast risiko for biverknadar, er det ei generell anbefaling (både for barn og vaksne) at metoklopramid kun skal brukast i maks 5 dagar. Det blei konkludert med at risikoen overgjekk fordelane av metoklopramid i tilstandar

som krev langtidsbehandling og metoklopramid blir ikkje lenger anbefalt til bruk ved kroniske tilstandar. (90, 91). Ein studie har funne at hos 95 % av alle tilfelle oppstår akutt dystonia innan 96 timar etter start av behandling (127). Kva som gjer at 5 dagar er satt som grense er soleis noko usikkert. Generelt er dei som er mest utsett for akutt dystonia kvinner i alderen 10-19 år og risikoen minkar med alderen (130). Eit viktig parameter er også at risikoen for å utvikle tardive dyskinesier ved bruk av metoklopramid generelt er liten. Ein studie har funne denne risikoen til å vere under 1 % (131).

### *Retningslinjer og algoritmer for behandling av svangerskapskvalme*

Det er i dag ingen norsk standard behandlingsalgoritme for svangerskapskvalme og ingen legemiddel som vert nytta i Noreg har *svangerskapskvalme* som godkjend indikasjon. Anbefalingar i andre land er noko varierende. I kanadiske og amerikanske retningslinjer er Diclegis<sup>®</sup>/ Diclectin<sup>®</sup> anbefalt som fyrstelinjeterapi fordi det er sterke evidens som støttar tryggleik og effekt. NICE guidelines uttrykkjer derimot bekymring knytt til mogleg toksisitet av pyridoxin i høge dosar og anbefala difor ikkje dette i behandlinga av svangerskapskvalme (132). The National Health Service Clinical Knowledge Summary of NVP fastslår at alle antiemetika (inkludert antihistaminer) ikkje er lisensiert for behandling av svangerskapskvalme i Storbritannia og vidare at dersom antiemetika trengst, skal oral prometazin og cyclizin nyttast.

Mangel på godkjende eller lisensierte legemiddel til behandling av svangerskapskvalme, kan bli assosiert med ugrunna og førebyggbare negative helseeffektar (132), dette som følgje av at legar og anna helsepersonell vil føle seg usikre og blir tilbakehaldne med medisinerer - også i tilfelle der behandling hadde vore høgst nødvendig

Det har i nokre land blitt utvikla algoritmar for behandling av svangerskapskvalme, blant anna i Canada og USA (131). Algoritmen er basert på nyare systematiske gjennomgangar av litteratur i samsvar med sikkerhet og effekt for behandling av svangerskapskvalme.

Algoritmen startar med farmakologisk behandling av relativt milde tilfelle og fortsetter så til behandling av pasientar som ikkje tolererer oral behandling eller pasientar som er dehydrerte (ev. begge delar). I alle trinna av algoritmen kan legen tilføre eller, ved forbetring, ta vekk behandlingar. Hierarkiet som er presentert i algoritmen er basert på styrken av bevis i forhold til sikkerhet for foster og det er berre behandlingar som har vist å ha effekt som er inkludert (133). I Danmark har det også blitt utvikla algoritmar/ flytdiagram for handtering av kvalme

og oppkast i svangerskapet og/eller HG (134). Slike algoritmar gir legane moglegheit for ei stegvis og systematisk tilnærming til behandling av kvinner med svangerskapskvalme som inkludera sikre og effektive legemidlar (63).

#### *Tidleg diagnostisering, tidleg behandling og god oppfølging*

Bendectin<sup>®</sup>, kombinasjonsterapi med antihistaminet doksylamin (10 mg) og vitamin B6 (10 mg), var tidlegare brukt i stor grad for behandling av svangerskapskvalme i blant anna USA og Canada. I 1983 blei Bendectin<sup>®</sup> trekt frå marknaden, og ein såg ei auke i sjukehusinnleggingar grunna alvorleg svangerskapskvalme både i Canada og USA. Samtidig vart det ikkje sett nokon nedgang i medfødde misdanningar. Bendectin<sup>®</sup> blei trekt frå marknaden av ikkje-vitskapelege årsaker og førte til ei ubekrefta frykt for skadelege effektar. Seinare har mange studiar bekrefta at denne kombinasjonen er trygg (135).

Når denne kombinasjonen så blei introdusert på det kanadiske marknad igjen, denne gongen med namnet Diclegis<sup>®</sup>, såg ein igjen at tal på innleggingar vart redusert (136). Følgjene som tilbaketrekkinga av Bendectin hadde, både for kvinnene og for samfunnet i forhold til kostnader, kunne vore unngått. Kostnadane som følgje av tilbaketrekkinga ville sjølvstund vore verdt det dersom fosterskadar (grunna bruk av legemiddelet) hadde blitt påvist, men når eit legemiddel vert trekt frå marknaden grunna «vag tru» tapar ein både i forhold til terapeutiske termar og økonomisk (135). I forlenginga av dette kan slike tilbaketrekkingar (grunna ikkje-vitskapelege årsaker) også skape ei generell og unødige frykt for bruk av legemidlar i svangerskapet, både hos kvinnene og hos helsepersonell. Svingingane i sjukehusinnlegging i forhold til bruk av Bendectin/ Diclegis/ Diclectin vitnar om at tidleg igangsetting av behandling, til ei viss grad kan forhindre utvikling av alvorlege symptom.

Sidan svangerskapskvalme oppstår hos eit så stort tal gravide, nokre med alvorlege konsekvensar, er dette noko som ikkje bør bli ignorert, spesielt ikkje når sikre og effektive behandlingar er tilgjengeleg. Det er estimert at hos alle gravide med kvalme, har ca. 35% av kvinnene kvalme som er klinisk signifikant (52), og som dermed er innanfor målgruppa for behandling. Desse kvinnene må bli identifisert slik at nødvendige tiltak kan settast i gang tidleg, då det er sett at tidleg behandling kan forhindre meir alvorlege symptom og dermed også redusere eventuelle sjukehusinnleggingar, tid vekke frå arbeid samt emosjonelle og psykososiale problem (134,135). Helsepersonell bør derfor setje av tid og spørje om eventuell svangerskapskvalme allereie i første møte med kvinna, då det ikkje alltid vil vere slik at

kvinnene nemner dette ettersom svangerskapskvalme også av kvinnene sjølve kan bli sett på som ein forventa og «uunngåeleg» del av det å være gravid (137). Ei grundig klinisk vurdering av alle kvinner som er kvalme bør bli gjort. PUQE bør bli nytta for å måle alvorlegheitsgrad av kvalme og andre undersøkingar som veving, måling av serumelektrolyttar og ketonar i urin bør også bli rutinemessig inkludert (138). Kvalmen i seg sjølv bør ikkje bli trivialisert, då dette påverkar livskvalitet like mykje eller meir enn oppkast (139, 140).

I tillegg til desse undersøkingane vil det vere viktig å sjå på i kva grad livskvalitet blir påverka. Gadsby et al. konkludera i sin gjennomgangsartikkel frå 2011 med at ei kvar kvinne som utviklar svangerskapskvalme og ikkje blir betre med livsstilsendingar bør bli vurdert for sikker, effektiv, oral behandling så fort tilstanden når eit nivå som går ut over livskvalitet. For kvinner som har hatt alvorleg svangerskapskvalme eller HG i tidlegare svangeskap, bør førebyggjande behandling med sikre og effektiv legemidlar bli starta så fort svangerskapskvalmen utviklar seg. Dette for å redusere risiko for å utvikle alvorlege symptom (132). Dei fleste kvinner med kvalme og oppkast i svangerskapet kan truleg bli behandla på ein god måte i primærhelsetjenesta. Vurderingar må gjerast i forhold til når kvinna må bli vist vidare. Mange kvinner blir fort betre etter administrering av intravenøs væske og elektrolyttar. Oppfølging etter at kvinnene har blitt skreve ut vil vere viktig for å unngå at kvinnene må inn igjen (51).

Bruk av ei systematisk tilnærming samt hyppige/frekvente oppfølgingstimar hos lege eller anna helsepersonell vil vere positivt både for kvinnene og for samfunnet (63). God behandling og oppfølging krev sjølvstøtt god kunnskap hos helsepersonell. Helsepersonell bør vere klare over den evidensbaserte informasjonen som er tilgjengeleg i tilknytning til ulike behandlingmetodar og vidareformidle informasjonen til dei gravide når dette er nødvendig. Optimal behandling er ofte kompleks, og kvalme og oppkast kan manifestere seg ulikt hos kvar kvinne. Behandlingsregimet bør derfor tilpassast individuelt (10, 137).

### **6.2.5 Faktorar assosiert med behandling og sjukehusinnlegging**

Dei fleste kvinnene som hadde brukt kvalmestillande legemidlar hadde vidaregåande eller bachelorgrad som høgaste fullførte utdanning. Dette samsvarer med funna frå andre studiar der kvinner med lav utdanning brukte antiemetika i større grad enn kvinner med høgare

utdanning (137). Ein kan berre spekulere i årsakene til dette, men ei mogleg forklaring kan vere at kvinner med høg utdanning (mastergrad eller liknande i dette tilfellet) i større grad er klar over risikoen ved legemiddelbruk i svangerskapet (137). Vidare såg ein også ein assosiasjon mellom alternativ behandling og alder ved at dei eldste aldersgruppene i størst grad nytta alternativ behandling. Ein studie frå 2009 fann liknande funn; at kvinner over 30 år i større grad brukte urtemedisin enn dei under 30 år (141). Ein såg også at dei med barn frå tidlegare i størst grad vart innlagde på sjukehus grunna kvalmen. Dette vil gjerne vere naturleg sidan kvinner med tidlegare gjennomført svangerskap gjerne er meir informerte og opplyste i forhold til behandlingsmoglegheiter. Kanskje blir desse kvinnene også fylgd opp av helsepersonell i større grad. I tillegg er det også sett at kvinner som har vore kvalme i eit tidlegare svangerskap også blir kvalme i det neste svangerskapet (25).

### **6.2.6 Imøtekommenhet og kunnskap blant helsepersonell**

Dei fleste kvinnene var blitt møtt på ein veldig imøtekomande måte både av lege, jordmor, farmasøyt og alternativ behandlar. Likevel var det også ein del kvinner som ikkje vart møtt med imøtekommenhet, der til dømes 10 % av kvinnene opplevde at legen ikkje var imøtekomande. Kvinnene beskreiv at grunnen til den manglande kjensla av imøtekommenhet blant helsepersonell, var at dei ikkje følte seg forstått og at kvalmen vart bagatellisert. Dei kvinnene som var nøgde grunna dette med at dei følte seg (og tilstanden) tatt på alvor samt at dei fekk ei kjensle av anerkjennelse for korleis kvalmen påverka livet elles. «Jeg skjønner godt at du har det vanskelig» hadde 42 % av kvinnene aldri eller sjeldan høyrd frå helsepersonell, noko som kan vitne om mangelfull forståing blant helsepersonell. Liknande funn går også fram av tidlegare studiar. En studie frå 2006 fann at fleire kvinner ynskja ei større grad av godkjenning i høve til kva dei gjekk gjennom samt ei høgare grad av sympati og trygghet i forhold til seg sjølv og fosteret. Dette gjaldt både milde og meir alvorlege tilfelle (38). Ei anna studie som utførte fokusgruppediskusjonar med gravide, fann at dei fleste gravide hadde mindre gode erfaringar i møte med helsepersonell, då dei ikkje blei teke på alvor og sakna gehør frå fastlegen angående kvalmen og den innflytelsen kvalmen hadde på kvinnene sin livskvalitet i kvardagen (106).

Når det gjaldt imøtekommenhet blant farmasøyt/apotek var det også her varierte resultat, både i forhold til kunnskap og i forhold til kva kvinnene blei anbefalt. Fleire kvinner sa at dei hadde blitt fortalt at dei helst ikkje skulle bruke medisinar mot kvalme, trass i at legen hadde anbefalt dette og gitt dei resept. Nokre kvinner hadde derimot fått mange «tips og triks» til



korleis dei kunne behandle kvalmen, for eksempel ved å prøve ingefær eller SeaBand. Det var også store variasjonar i kor god kunnskap kvinnene opplevde at legen hadde om ulike behandlingar, der 29 % av kvinnene meinte at legen hadde lite kunnskap om legemiddelbruk i svangerskapet og 51 % av kvinnene meinte at legen hadde lite kunnskap om alternative behandlingar. Når det gjeld kunnskap i forhold til alternative behandlingar, så stemmer dette overeins med ein studie som utførte fokusgruppediskusjon med legar. I denne studien gav legane uttrykk for lite kunnskap om urtemedisin (107). Ei anna studie har vist at legar underestimerar bruken av alternative behandlingmetodar blant sine egne pasientar (142). Sidan bruken av alternative behandlingar har vist seg å vere stor, bør legen og anna helsepersonell ha kunnskap om og vere open i forhold til alternative behandlingar. Dette som følgje av at dårleg informasjon kan føre til feilbruk eller potensielt farleg bruk (60).

At kvinnene opplever varierende haldningar og kunnskap hos helsepersonell i forhold til behandling av svangerskapskvalme, kan kanskje tyde på manglande implementering i forhold til nye retningslinjer eller at Veiledaren ikkje er så godt kjend i primærhelsetenesta. Ei anna årsak kan vere at helsepersonell har fått for lite opplæring i forhold til behandling, eventuelle teratogene effektar, og kva konsekvensar svangerskapskvalme kan ha for kvinnene. Kanskje hadde endå klarare retningslinjer, eventuelt ein algoritme, vore eit behov i Noreg.

### **6.2.7 Sjukemelding**

Det var 60 % av kvinnene som hadde vore sjukemeldt som følgje av svangerskapskvalmen. Ei anna studie utført i Noreg i 2013 fant at 23 % av alle gravide var sjukemeldt som følgje av kvalme (45). Det høge talet funne i denne studien atterspegla gjerne at mange av kvinnene var veldig dårlege. Det var 98 % dei sjukemeldte som hadde moderat eller alvorleg svangerskapskvalme. Vidare var det 62 % av kvinnene som vart sjukemeldte før dei fekk behandling. Det var kvinna sjølv eller legen som i all hovudsak tok initiativ til sjukemeldinga. Dette kan verke å stemme godt overeins med fokusgruppediskusjonen med legar, som viste at legane hadde lav terskel for å sjukemelde og at medikamentell behandling eventuelt blei vurdert som eit tillegg for å lindre symptoma (107).

I Noreg har sjukemelding i svangerskapet auka vesentlig i perioden 1995-2008 og tal frå 2012 viste at 3 av 4 gravide blir sjukemeldte i løpet av svangerskapet (45, 143). Det er blitt reflektert i om det høge sjukefråværet, i tillegg til sjølve sjukdomen, også kan skuldast forventningar og haldningar i samfunnet generelt og på arbeidsplassen. Kanskje kan også

manglande retningslinjer om korleis legar skal forholde seg til svangerskapsrelaterte plager, slik som kvalme og oppkast, vere noko av årsaka. Behandling og sjukemelding vil dermed vere ulikt frå lege til lege (144). Det kan vere vanskeleg å seie når ei kvinne bør bli oppfordra til å jobbe og når det er betre å sjukemelde seg eller trappe ned på jobbinga. Rutinar i forhold til dette med sjukefråvær vil vere ulikt frå arbeidsplass til arbeidsplass og frå yrkesgruppe til yrkesgruppe (145). Der justeringar på arbeidsplassen er ei moglegheit er det sett reduksjon i sjukefråvær i svangerskapet med ein til to veker (45).

Nokre helsepersonell kan ha eit inntrykk av at gravide kvinner ber om sjukemelding for lett, noko som han ha negativ innverknad på pasient-lege forholdet (146) og gjerne også negativ påverknad i forhold til arbeidsplass og kollegaer. Jobbsituasjon og kompensasjon for sjukefråvær variera mellom ulike land. I Noreg får ein betalt sjukefråvær frå dag éin og opp til 52 veker dersom ein medisinsk tilstand krev det (45). Arbeidsgjevar pliktar å sikre eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø for arbeidstakarane, noko som blant anna betyr at arbeidsmiljøet normalt skal bli lagt til rette slik at gravide, så langt mogleg, ikkje vert hindra i å halde fram med det vanlege arbeidet sitt (147).

At mange i Noreg blir sjukemeldt i svangerskapet kan vere bekymringsverdige eller det kan reflektere ei nødvendig tilpassing mellom dei krava som blir fastsett i høve til det å skulle prestere både heime og i det moderne arbeidslivet (45, 143). Studiar har vist at gravide kvinner ynskjer å bli i jobben, men at det å skulle jobbe når ein er gravid tar meir energi enn forventa (38). I Noreg blir det aller meste av kostnadane av sjukemeldingar refundert av velferdssystemet (45).

### **6.2.8 Haldningar og risikovurdering**

Det verkar å vere stor bekymring i høve til korleis legemidlar vil påverke barnet i magen. Totalt 53 % av kvinnene sa seg einig eller svært einig i påstanden «selv om jeg var kvalm i svangerskapet valgte jeg å avstå fra å bruke legemidler mot kvalme for sikkerhetsskyld». Dette tyder på usikkerhet hos kvinnene som igjen og blant anna kan ha blitt påverka av usikkerhet blant helsepersonell. Det at kvinnene sjølv vegra seg i forhold til bruk av legemidlar, kan føre til at dei ikkje etterspør behandling, på tross av at det kanskje er nødvendig. Her har helsepersonell ei viktig oppgåve. I tilfeller der behandling blir vurdert som nødvendig, treng kvinnene å bli beroliga med at legemiddela blir vurdert som sikre å

bruke under graviditet. I tillegg vil det vere viktig at dei har trua på at legemiddelet faktisk virkar.

Dei fleste kvinnene estimerte at risikoen for å få eit barn med fosterskadar hos normalt friske gravide var 1 %, altså lågare enn den reelle prosenten på 2-3 % (95). Ut i frå desse resultata kan ein kanskje tenke at kvinnene legg mykje av skulda for ein eventuell fosterskade på miljøfaktorar som til dømes legemidlar. Dette ved at kvinnene tenkjer at dersom dei ikkje brukar legemiddel eller utset seg for andre potensielt skadelege miljøfaktorar, så vert risikoen for at det kan skje noko med fosteret nærmare null. Det reelle er at berre 1 % av fosterskadane skuldast miljøfaktorar som til dømes legemidlar (95). Desse funna kan kanskje også vere noko av forklaringa på kvifor nokre kvinner føler skuld når dei vel å bruke eit legemiddel (105).

Generelt ser ein også at risiko assosiert med bruk av spesifikke legemiddel eller andre stoff i svangerskapet blir overestimert i stor grad blant kvinnene. Risikoen er estimert å vere høgast for alkohol, røyk og thalidomid. Vidare såg ein også at brukarar av eit legemiddel eller stoff estimerte risikoen å vere lågare enn ikkje-brukarar. Desse funna stemmer overeins med ei anna studie som også såg på risikovurderingar blant gravide i Noreg (104).

Når det gjaldt risikoestimering av ulike kvalmestillande, var risikoen satt til om lag 4. Andre studiar har vist at både kvinnene og helsepersonell generelt ofte overestimerer den teratogene risikoen ved bruk av medikamentell behandling under svangerskapet (148). Sjølv evidensbasert informasjon om sikkerheit ved bruk av eit medikament i svangerskapet er ikkje alltid nok for å forsikre kvinnene om at noko er trygt (105). Det kan vere ulike grunnar til at kvinnene overestimerer risikoen, men internett og media er truleg noko av årsaka. I land som Noreg der internett-tilgangen er stor samstundes som internett gjerne er hovudkjelda til informasjon blant mange i forhold til helseproblem, vil kvinnene i stor grad bli påverka av det som står på internett (104, 120). Sidan kven som helst kan legge ut og skrive ting på internett (t.d. på forum) og mykje av informasjonen på internett ikkje er evidensbasert, kan kvinnene bli feilinformert. Elles er nok historier om til dømes thalidomid med på å skape ei frykt både blant gravide og helsepersonell, noko som igjen fører til ei auka risikovurdering.

